

JON FOSSE-SENTER I STRANDEBARM

FORPROSJEKT



2024

Foto på framsida:

1. Myra, barndomsheimen til Jon Fosse. Foto: Knut Markhus
2. Jon Fosse. Foto: Agnete Brun/Samlaget
3. Fosse-huset. Foto: Knut Markhus
4. Utsikt over fjorden frå Fossvågen. Foto: Knut Markhus

1. Oppsummering	s. 3
2. Innleiing	s. 4
2.1 Kort om Jon Fosse	s. 5
3. Om forprosjektet	s. 6
3.1 Trong for utgreiing	s. 6
3.2 Forprosjektet sitt mandat	s. 7
3.3 Gjennomføring av prosjektet	s. 8
4. Føremål, funksjon og innhald	s. 9
4.1 Lokale, regionale, nasjonale perspektiv	s. 9
4.2 Føremål og ynskje	s. 12
4.3 Funksjonar og innhald	s. 16
5. Målgrupper, samarbeidspartar	s. 24
5.1 Målgrupper	s. 24
5.2 Samarbeidspartar	s. 26
6. Organisering	s. 27
6.1 Eit blikk på andre senter og museum	s. 28
6.2 Fysiske tiltak, areal og lokale	s. 31
6.3 Namn og profil	s. 35
6.4 Organisasjons- og driftsform	s. 36
6.5 Finansiering	s. 39
7. Vegen vidare	s. 40
7.1 Første steg: 3-årig hovudprosjekt	s. 41
7.2 Andre steg: Driftsfase med vidare ekspansjon	s. 43

1. Oppsummering

Forprosjektet tek utgangspunkt i at Jon Fosse-senteret skal vera sentrert rundt Jon Fosse, både forfattaren og forfattarskapet – og også sentrert rundt heimstaden hans, bygda der han voks opp. Her kan ein gå, eller ro, rundt i det fysiske landskapet som både pregar mykje av tekstuniverset, og som ein kan oppleva er direkte skildra. Slik er ein òg i eit litterært landskap.

Jon Fosse-senteret må utviklast med utgangspunkt i definerte føremål, der det er lokalt forankra men med eit nasjonalt oppdrag. Senteret skal gje eit tydeleg bidrag til den omfattande aktiviteten som alt finst knytt til Jon Fosse sitt forfattarskap, med vekt på det som er spesielt ved Strandedarm – den særskilte kunnskapen og dei unike opplevingane ein må til denne staden for å ta del i. Senteret skal ha ei profesjonell drift og vera fagleg sterkt, og vera ein stad for både inspirasjon og lærdom.

Det er Fosse-stiftinga som driv arbeidet med Jon Fosse-senteret framover. Stiftinga er ein liten, frivillig organisasjon, driven av eldsjeler med stor entusiasme og ein eksklusiv kompetanse i det å driva Jon Fosse-formidling i Strandedarm. Attåt sine ordinære aktivitetar, står stiftinga no i ein prosess med å overta Myra, barndomsheimen til Jon Fosse. Denne eigedomen, med to bustadhus, løe, naust og støl, kan vera den viktigaste brikka i Jon Fosse-senteret. Frå før har stiftinga transformert Fosse bedehus, som ligg nær Myra, til det litterære Fosse-huset.

Forprosjektet peikar på ei rekkje funksjonar senteret bør ha, som ikkje Fosse-huset og Myra har areal for. Det må leggjast flid i planlegginga av ein ekspansjon, og korleis drifta av eit større konsept skal finansierast og organiserast. Fosse-stiftinga er ikkje rusta til å gå i gang med ein slik prosess, og treng også å få styrka den daglege drifta. Det neste som må skje, er difor ei organisasjonsutvikling som også tilfører personalressursar.

Forprosjektet konkluderer med at det må finansierast og etablerast eit treårig hovudprosjekt, som startar bygginga av ein profesjonell organisasjon, med nye vedtekter, nytt styre, og 3-4 tilsette som gjennomfører detaljplanlegging av vegen vidare og går stødig framover med utviklingsarbeidet. Parallelt held ein oppe og ekspanderer ei drift som er i tråd med korleis Fosse-stiftinga har arbeidd til no – og framleis i nært samarbeid med frivillige. Det å ta i mot Myra, og gje eigedomen profesjonell ivaretaking og bruk, vil vera ei vesentleg oppgåve. Den bygningsmessige ekspansjonen som bør koma etter kvart, kan skje på skuletomta på Tangerås, men forprosjektet tilrår at ein også vurderer andre alternativ.

Overfor styresmaktene føreslår forprosjektet:

- **at Kvam herad, Vestland fylkeskommune og staten tek mesteparten av finansieringa av hovudprosjektet**
- **at desse samtidig forpliktar seg til å vera med på ei vidare finansiering av investering og drift av eit framtidig utvida senter**

2. Innleiing

Då Jon Fosse vart tildelt Nobels litteraturpris for 2023, vart han offisielt plassert på den øvste hylla av verdas forfattarar, side om side med Kafka, Lagerlöf og Hemingway. Brått vart han òg allemannseige i Noreg. Jonas Gahr Støre var raskt ute på Twitter/X: «Nobelprisen i litteratur til Jon Fosse! Ei stor anerkjenning av eit eineståande forfattarskap som gjer inntrykk og rører ved menneske over heile verda. Heile Noreg gratulerer og er stolte i dag!» Heile Noreg? Ja, kanskje statsministeren hadde rett i det. Under neste seriekamp på Brann stadion hylla heimesupporterane Jon Fosse med banneret «Gullet kjem til å kome.»

Sjølv om Fosse sin litteratur hadde høg status og internasjonal utbreiing lenge før Nobelprisen, gav tildelinga eit løft for alle som jobbar med Fosse sin litteratur. Bokhandlarar i små og store byar i Europa sette Fosse-bøker fram i vindauga. Det Vestnorske Teateret gjennomførte verdas lengste teaterhending då meir enn 40 skodespelarar i stafett las alle teaterstykkane til Fosse, 40 timar i strekk. Regjeringa markerte prisen med å etablere eit årleg Fosse-føredrag saman med tildeling av eit nytt stipend for omsetjarar av norsk litteratur.

Også i Strandebarm, der forfattaren voks opp, gav tildelinga eit momentum for dei som organiserer Jon Fosse-aktiviteten der. Fosse-stiftinga hadde i lange tider jobba jamt og godt med arrangement og aktivitetar. Alt i 2007 vart det gjennomført eit forprosjekt som peika fram mot å realisere eit Fosse-senter. Men om ein på dette tidspunktet spurte «trengst eit Jon Fosse-senter?», møtte ein ikkje noko rungande ja der offentlege tilskot vert tildelte. I allfall kom ein ikkje vidare den gongen.

Når ein stiller det same spørsmålet i 2024, er det ein annan respons. Det er ikkje fordi ein nobelpris i litteratur automatisk utløyer ein prosess for å etablere senter eller museum for vinnarane. Av dei som har motteke prisen dei siste femten åra, er det få som har fått oppretta slikt. Dei tre andre norske nobelprisvinnarane har alle sine senter, men desse kom lenge etter forfattarane sin død. Det er ein del andre sterke tilleggsfaktorar som gjer at det alt no vert jobba med eit Jon Fosse-senter, og at det er vind i segla. Nokre stikkord kan vere den sterke eigarkjensla til Jon Fosse i Strandebarm, og kor uthaldande Fosse-stiftinga har jobba med eit senter som mål. Også det at Jon Fosse skriv på nynorsk, ei kunstnarleg respektert men likevel truga målform, kan gje ei ekstra kraft. Og ikkje minst det at både Jon Fosse sin dramatikk og litteratur elles er så aktuell og til stades, nasjonalt og internasjonalt. Han er ein sterk nobelprisvinnar, som har vore blant favorittane i tjue år. Så når ein spør i dag: «Trengst eit Jon Fosse-senter?» er det ein tendens til at både styresmakter og litteraturvener svarar ja. Til statsbudsjettet 2024 gav Familie- og kulturkomiteen denne merknaden:

Komiteen merker seg at Jon Fosse er tildelt Nobelprisen i litteratur. Dette er ei stor anerkjenning av det arbeidet Jon Fosse har levert. For Kvam herad, Vestland fylke og heile Noreg er det viktig å byggja vidare på dei moglegheitene som prisen gjev.

Medlemene i komiteen frå Høgre, Framstegspartiet og Venstre vil peike på at å bera fram og ta Fosse sitt arbeid vidare, krev innsats langt ut over det heradet, Fossestiftinga og fylket kan lyfta. Det er eit ynskje at staten medverkar med den kunnskapen og dei ressursane som skal til for å få arbeidet med eit Fossesenter i gang. Desse medlemene ynskjer difor at staten vert med vidare for å få etablert eit Fossesenter i Strandebarm i Hardanger.¹

2.1 Kort om Jon Fosse

Jon Olav Fosse er fødd i Haugesund i 1959 og oppvaksen i Strandebarm. Han gjekk barne- og ungdomsskule i Strandebarm, så tok han Øystese gymnas, før han utdanna seg som litteraturvitar ved Universitetet i Bergen, der han vart cand.philol. i 1987. I studietida arbeidde han mellom anna som journalist i Gula Tidend, og han var student då han slapp si første bok.

Han debuterte som forfattar med «Raudt, svart» i 1983. Etter dette har han først og fremst vore forfattar, men innbakt litt anna nærliggande arbeid. Mellom anna underviste han på Skrivekunstakademiet åra 1987-93, og var konsulent på Samlaget, forlaget der han har utgjeve dei fleste av bøkene sine. Til no har han skrive over 70 verk, både romanar, forteljingar, dikt, essay og skodespel. Arbeida hans er omsette til meir enn 50 språk. Dramatikken hans er sett opp i kring 500 teaterproduksjonar spreidd rundt heile kloden, og har vore oppført i alle europeiske land, mest i Tyskland og Frankrike. Han er den mest spelte norske dramatikaren etter Ibsen. Fosse har òg gjendikta både skodespel og skjønnlitterære bøker.

Jon Fosse har motteke ei lang rekkje prisar i tillegg til Nobelprisen, mellom anna Den internasjonale Ibsenprisen i 2010 og Nordisk råds litteraturpris i 2015. I 2001 vart han statsstipendiat, og i 2011 vart han tildelt Statens æresbustad Grotten, i Oslo. Han bur dels der, dels i Austerrike, og har fritidsbustad på Alver i Nordhordland. I 2015 vart han æresdoktor ved Universitetet i Bergen, og i 2024 fekk han Storkors av St. Olavs Orden.

For å understreka Jon Fosse sin sterke status i norsk offentlegheit, kan me sitera frå regjeringa si pressemelding desember 2023, ved opprettinga av eit årleg Fosseforedrag og ein Fossepris for omsetjarar: «Regjeringa vil på denne måten medverka til å markera kor viktig forfattarskapen til Fosse er for Noreg og internasjonalt.» Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery uttalar seg om Nobelprisen i pressemeldinga:

Det er aller fyrste gongen ein forfattar som skriv på nynorsk, vert æra på denne måten, og det er heile 95 år sidan førre gongen ein norsk forfattar vart tildelt nobelprisen i litteratur. Dette er ei historisk hending, og Fosse vil for alltid verta skriven inn i litteratursoga både i

¹ Innst. 14 S (2023–2024) Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om Bevilgninger på statsbudsjettet for 2024, kapitler under Barne- og familiedepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet og Klima- og miljødepartementet (rammeområdene 2 og 3) Prop. 1 S (2023–2024)

og utanfor Noreg. Regjeringa vil heidra den eineståande internasjonale posisjonen Jon Fosse har oppnådd.²

3. Om forprosjektet

3.1 Trong for utgreiing

Då Fosse-stiftinga kjøpte bedehuset på Fosse i 2021 og gjorde det om til Fosse-huset, var det eit steg på vegen mot eit Jon Fosse-senter. Ein kan også velja å sjå på dette som starten på det senteret som no skal planleggast vidare. Ein fekk den første biten på plass, ein var i gang – men det var heller ikkje meir enn det.

Nokre dagar etter Nobelpris-tildelinga i 2023, uttalte leiar i Fosse-stiftinga Åse Ljones til Hordaland Folkeblad at tempoet var skrudd opp i arbeidet med senteret: «Dette skjedde litt raskare enn me hadde tenkt. Fossehuset er for lite på lengre sikt, og me har hatt større vyar heile tida.»³ Ljones peika på at stiftinga var i kontakt med grunneigarar om areal til føremålet. Eit par veker seinare kunngjorde stiftinga at den gamle skuletomta på Tangerås var funne å vera det beste alternativet – med eit areal på om lag seksti mål og inkludert bygga etter den nedlagde barneskulen og nedlagde ungdomsskulen. Jon Fosse TUNET vart lansert som namn.⁴

8. mai 2024 vart det gjennomført ei synfaring i Strandebarm, med representantar for Vestland fylkeskommune, Kvam herad, Fosse-stiftinga, og stiftinga si byggenemnd som no var oppretta. Byggenemnda hadde på førehand lagt fram skisse for disponering av dei til saman rundt 3000 m² barneskulen og ungdomsskulen utgjør, og eit førebels budsjett for renovering av bygga, på 158 mill. eks. mva. Men her var mange opne spørsmål. Her fanst til dømes enno ikkje noko tydeleg skildring av kva ei tenkt drift skulle innehalda, korleis senteret var planlagt organisert, eller budsjett og finansieringsplan for ein driftsfase.

Vestland fylkeskommune hadde i fylkesutvalsmøte 4. april 2024 vedteke at det var naudsynt med eit forprosjekt for å sikra arbeidet og utviklinga vidare, og sa seg samtidig villig til å vera prosjekteigar saman med Kvam herad og Fosse-stiftinga.

² Regjeringa, pressemelding nr. 73/23, 7.12.2023

³ Hordaland Folkeblad 10. oktober 2023

⁴ Hordaland Folkeblad 24. oktober 2023

3.2. Forprosjektet sitt mandat

I ny sak i Vestland fylkeskommune 5. juni 2024 tok fylkeskommunen på seg ansvaret for prosjektleiinga, og vedtok midlar til forprosjektet. I saksutgreiinga står det at eit forprosjekt bør drøfta desse spørsmåla:

- 1 Målsetting:
 - Kva ynskjer ein med eit senter?
 - Kva funksjonar bør eit senter ha?
- 2 Interessefellesskap:
 - Kartlegging av målgruppene
 - Kartlegging av aktørar som kan bidra til saka (organisasjonar, fagmiljø ol.)
- 3 Organisering (investeringar og drift):
 - Kva fysiske tiltak er nødvendig for at eit «senter» fungere?
 - Mogeleg organisasjon- og driftsform
 - Finansiering
- 4 Vidare tiltak:
 - Tilråding for vegen vidare (hovudprosjekt)

For det vidare arbeidet var prosjekteigarane samde om at ein fritt måtte vurdere alle sider og moglegheiter ved eit Jon Fosse-senter, inkludert ulike lokaliseringalternativ, samtidig som at lokalisering av senteret ikkje skal vera ei hovudsak. Viktigast er å skildra mål, innhald, målgrupper og organisering – og i kva retning og korleis vegen skal gå vidare. Det vart engasjert prosjektleiar og sett saman ei prosjektgruppe med representantar for prosjekteigarane.

Knut Markhus, prosjektleiar

Åse Ljones, Fosse-stiftinga

Hallgeir Aase, Fosse-stiftinga

Per Morten Ekerhovd, Vestland fylkeskommune

Tone Stedal Haugland, Vestland fylkeskommune

Jon Nedkvitne, Kvam herad (t.o.m. 25. juni 2024)

Mary Ann Sørheim, Kvam herad (f.o.m. 25. juni 2024)

Forprosjektrapporten er utarbeidd av prosjektleiar i samråd med prosjekteigarane v/ prosjektgruppa. Det har vore ulike synspunkt i prosjektgruppa på fleire område, slik det er mellom andre som engasjerer seg i det forprosjektet handlar om. I oppdraget ligg det til prosjektleiaren å konkludere, og slik er det gjort. Prosjektleiaren er ansvarleg for innhaldet i rapporten.

3.3 Gjennomføringa av forprosjektet

Forprosjektet vart starta opp 1. juni 2024, og har vorte gjennomført i nær dialog mellom prosjektleiar og prosjekteigarane ved deira representantar i prosjektgruppa. Det har vore digitale møte for prosjektgruppa ein gong i veka gjennom prosjektperioden, bortsett frå i ferietida. Det vart også arrangert eit ope møte i Strandebarm 31. august, med god deltaking.

Ei rekkje institusjonar og organisasjonar har vore teke med på råd, hovudsakleg gjennom telefonsamtalar, og i nokre tilfelle møte, i nokre tilfelle e-post. Representantar for desse har teke del:

- Astruptunet (del av Musea i Sogn og Fjordane) • Bjørnstjerne Bjørnsons Aulestad og Sigrid Undsets Bjerkebæk (del av Lillehammer museum) • Buddenbrookhaus i Lübeck • Den mangfaldige scenen • Den Nationale Scene • Det vestnorske teateret • Günther Grass-Haus i Lübeck • Hamsun i Grimstad/Grimstad bys museer (del av Aust-Agder museum og arkiv) • Hamsunsenteret (del av Nordlandsmuseet) • Hardanger og Voss museum • Ibsen-museet i Grimstad (del av Aust-Agder museum og arkiv) • Jakob Sande-senter for forteljekunst • Kvam næringsråd • Litteraturbåten Epos • Litteraturhuset i Bergen • Nasjonalbiblioteket • Norsk Forfattersentrum Vestlandet • Nynorsk kultursentrum • Samlaget • Skrivekunstakademiet • Strandebarm skule • Strandebarm Utvikling • Universitetet i Bergen • Visit Hardangerfjord

Det har vore fruktbare samtalar om kva eit Jon Fosse-senter i Strandebarm bør vera og innehalda, og korleis det kan fungera i samfunnet. Alle ynskjer å samarbeida med eit Jon Fosse-senter, det kan ein med glede notera seg. Og så har dei delt av sine erfaringar, og det er med på å styrkja kunnskapsgrunnlaget for arbeidet i Strandebarm. Det er nyttig å vita korleis dei ulike tenkjer om sin institusjon si rolle, kva som er besøkstal i andre senter som jobbar med kjende forfattarar, i kva grad dei er turistattraksjonar, kva driftsnivå den offentlege finansieringa tillet, og mykje meir.

I tillegg til dei ovanfor nemnte, har ei rekkje enkeltpersonar både lokalt og lenger unna frå bidrege med velfunderte meiningar og framlegg, gjennom telefonsamtalar, eller i skriftlege innspel til prosjekteigarane eller i media. Prosjektleiar har òg hatt e-postkorrespondanse med Jon Fosse i prosjektperioden, der forfattaren har kome med både nyttige opplysningar og synspunkt, men bede om at korrespondansen ikkje vert gjort offentleg.

Parallelt med sjølv forprosjektarbeidet, har Fosse-stiftinga jobba på med sin normale aktivitet, og også den svært spennande prosessen med overtaking av Myra, barndomsheimen til Jon Fosse. Ingen bur der lenger, og familien gav sommaren 2024 melding om at dei ynskjer at Fosse-stiftinga skal overta eigedomen som inneheld to bustadhus, ei løe, naust og støl. Prosessen er ikkje fullført før forprosjektet er ferdig, men ein kan leggja til grunn at Myra vert ein del av eit Jon Fosse-senter.

4. Føremål, funksjon og innhald

Eit sterkt punkt i dei fleste innspel og samtalar i forprosjektet, er at alt ein planlegg må ta utgangspunkt i kva som skal vera føremålet med eit Jon Fosse-senter – kva ein grunnleggjande ynskjer seg, kva som er poenget. Litteraturen til Jon Fosse vert i dag formidla breitt både nasjonalt og internasjonalt. Verka vert studert, forska på og diskutert i vitskaplege samanhengar, er jamt under lupa i media, og gjev sterke opplevingar for lesarar og teaterpublikum over heile kloden. Kva rolle kan eit nytt Fosse-konsept i Strandebarm ha oppi dette?

4.1 Lokale, regionale, nasjonale perspektiv

Det vil sjølvsagt vera ulike tankar om kva eit Jon Fosse-senter skal vera, og kva rolle det skal ta. Me kan starta der initiativet til eit Jon Fosse-senter kjem frå, Fosse-stiftinga sjølv. Forløparen til stiftinga, ei initiativgruppe med lokale kulturpersonar, presenterte i 2007 forprosjektet «Det første rommet – Naustet». Gruppa seier dei ser si viktigaste oppgåve å spreia kjennskap til og innsikt i det Jon Fosse har skrive, og formulerer dette om kva dei vil med initiativet:

1. *Strandebarmsbygda har eit unikt høve til å setje fokus på forfattaren.*
2. *Heimbygda hans vil alltid vera viktig for Fosse-interesserte.*
3. *Jon Fosses diktning gjev identitet og tilhøyrrighet.*
4. *Fosse gjev nynorsken tyngde i ei tid der målforma er på vikande front.*
5. *Den vesle bygda vert synleg. Ikkje berre Strandebarm, men alle bygder. Oftast er det dei store byane som får fokus, men her er det det vesle samfunnet som får fokus. Det unike ved vår tid vert festa til papiret i Fosses forfattarskap. Tankar og strømningsar i vår tid vil for alltid ha eit liv.*
6. *Hardanger har mogelegheit til å skapa sitt eige teater med sin eigen forfattar.*

I 2007-prosjektet handlar det mest om å få opp ein del aktivitetar og arrangement i høve Jon Fosse si 50-årsfeiring i 2009, men ser også vidare. «Det andre rommet» har skiping av ei stifting som eit hovudpunkt, og dette vart realisert nokre år seinare. «Det tredje rommet» går ut på å bygga eit permanent Fosse-senter.

Fosse-stiftinga vart etablert i 2013, med dette føremålet:

Stiftinga skal ha til føremål å formidla kultur i Strandebarm og nærliggjande område ved å fremje interessa for scenekunst og litteratur generelt, og særleg Jon Fosse sin forfattarskap.

Stiftinga har også som mål å reise midlar til å etablere eit kulturhus i Strandebarm som skal fremja dei same føremåla.

Fosse-stiftinga har jobba uthaldande og engasjert ut frå dette, og det å realisera eit Fosse-senter er heilt i tråd med føremålet. På spørsmålet om kva ein ynskjer med eit senter, kan me både frå

forprosjektet i 2007 og Fosse-stiftinga sitt føremål dra ut nokre hovudlinjer: Eit senter skal særleg fremja interessa for Jon Fosse sitt forfattarskap, og vera ein arena som også har ein kulturhusfunksjon i Strandebarm.

Men stiftinga er klar på at senteret ikkje berre skal vera ein lokal arena, det skal trekkja til seg besøkande frå fjernt og nær, og operera på eit nasjonalt og også internasjonalt nivå. Med ein slik ambisjon må ein ha med både fylkeskommunen og staten i finansieringa, i tillegg til kommunen og sponsorar. Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery (Ap) understreka dette i møte om Jon Fosse-senter i januar 2024. Ho støtta ideen om eit Fosse-senter i Strandebarm, og peika på at både investeringar og drift bør delast mellom kommunen, fylkeskommunen og staten.⁵

Når ein skal vinna fram i kampen om statlege og fylkeskommunale kulturkroner, stiller det nye krav til prosjektet. Det må finna ei både riktig og viktig rolle i det regionale og statlege kulturlandskapet.

Vestland fylkeskommune har i fleire vedtak stilt seg positiv til ei satsing i Strandebarm, og i saka «Fosse-senter i Strandebarm», vedteken i fylkesutvalet 4. april 2024, vert det lagt vekt på at ein skal løfta blikket når det gjeld kva rolle eit senter skal ha:

Fosse har lokalt feste i Strandebarm, men verknaden av den litterære produksjonen hans må også setjast i ein internasjonal kontekst. Fosse er framleis ein produktiv forfatter, og verka hans vert formidla gjennom omfattande innsats i forlag, teater- og scenekunstinstitusjonar, akademia, og andre deler av ei stor litteratur- og teaterverd. At Fosse gjennom mange år har vore ein verdsett forfattar over heile verda bør påverke utviklinga av eit senter.⁶

At det me har føre oss er verdslitteratur, er vorte påpeika jamt i forprosjektperioden. Johan Storm Munch skriv i lesarinnlegg at «det er vanskelig å fatte dimensjonen og størrelsen på Jon Fosses forfatterskap.»⁷ Det at Fosse sitt litterære arbeid på alle vis er stort, og framfor alt av så suveren kvalitet, gjer det naturleg å leggja den faglege lista høgt for eit Jon Fosse-senter. Og ein skal etablera noko som har eit langt tidsperspektiv. Avdelingsleiar Hege Stensrud Høsøien frå Nasjonalbiblioteket understreka dette i det opne møtet som vart halde i Fosse-huset i Strandebarm i august 2024: «Interessa for Jon Fosse sin litteratur kjem til å etablera seg på eit vedvarande høgt nivå, det veit me frå våre andre nobelprisvinnarar». Samstundes legg tyngda i forfatterskapen mykje ansvar på Strandebarm, slik Olav Øyehaug Opsvik frå Nynorsk kultursentrum minna om i same møte:

Det er fantastisk å stå her i dag og kjenna på engasjementet som finst lokalt, og ønsket om å formidla Jon Fosse til den store verda. Så bør ein huska på at om ein klarar å nå fram med dette, så er det sannsynlegvis dette som blir Jon Fosse-senteret i Noreg. Det kjem ikkje til å bli etablert fem-seks Jon Fosse-senter. Det betyr at viss ein tek i mot dette oppdraget, så gjer ein det på vegner av ein heil nasjon, og på vegner av Jon Fosse-

⁵ Hordaland folkeblad 27. februar 2024

⁶ Sak 2023/82951 Vestland fylkeskommune

⁷ Hordaland Folkeblad 18. juni 2024

entusiastar over heile verda. Då tar lokalsamfunnet i Strandebarm på seg eit stort og viktig ansvar for ein kulturskatt som kjem til å vera viktig i fleire hundre år framover. Dette er noko å vera bevisst på.⁸

Prosjektet har lagt vekt på dette ansvarsmomentet under oppgåva med å utbrodera kva ein ynskjer med eit senter. Det handlar altså ikkje berre om kva Strandebarm ynskjer, eller Kvam, eller Vestlandet. Det er eit nasjonalt prosjekt, som også skal stå seg internasjonalt. Samtidig må det ha noko heilt lokalt over seg.

Det er altså slik at forprosjektet skal prøva å foreina synspunkt og vektingar som har ganske ulikt utgangspunkt. Frå lokalt hald er det rimelegvis lagt større vekt på lokale føremål enn når me snakkar med Nasjonalbiblioteket eller universitetet. Strandebarm skule startar eit skriftleg innspel med overordna tankar: «Hovudformålet med eit Jon Fosse senter i Strandebarm må vera ein vid presentasjon av Jon Fosse sin litteratur der mange sider av verdslitteraturen hans vert synt fram.» Og peikar vidare på lokale behov: «Det vil og vera kjekt med sårt tiltrengde arbeidsplassar i Strandebarm for å ta seg av senteret.»⁹ Eit gjennomgangstema i mange lokale innspel er at eit senter i stort monn kan få opp reiselivsaktiviteten i bygda, med dei ringverknader det kan ha.

Me kan trygt sei at eit senter sitt bidrag til både arbeidsplassar, næringsutvikling og anna vekst lokalt, er eit både relevant og godt føremål som ingen kan setja seg i mot. Men ein må ha klart for seg at dette ikkje er primære føremål for den statlege kulturfinansieringa. Her må tiltak først og fremst kulturfagleg grunngjevast, med vekt på at det har ein nasjonal funksjon.

Det er òg ein del innspel som går ut på at eit senter kan vera med på å løysa konkrete lokale utfordringar. Strandebarm Utvikling skriv i brev: «Det var nok ei sut for heradet å bli sitjande som eigarar av det gamle skuleområde då dei tok i bruk den nye skulen på Tangeråsneset. No har de (heradet) høve til å bidra til at bruken av område blir til god nytte for bygda, og løyser den same suta frå noværande eigar som har streva med å finne gode føremål for anlegget.»¹⁰ Igjen kan ingen ha noko i mot at ei lokal sut får ei løysing saman med etablering av eit Fosse-senter – men igjen vil det ha mindre vekt statleg, og også regionalt.

Eit moment mange bør vera interesserte i er at ein lokalt kjenner ein del ting på kroppen, som miljø lenger unna ikkje anar noko om. Særleg skal ein her høyra på Fosse-stiftinga, som har jobba frivillig og svært iherdig i eit par tiår. Det at stiftinga fekk hand om bedehuset og har gjort det om til ein god arena, Fosse-huset, var viktig. Men etter at Jon Fosse fekk nobelprisen, har tilstrøyminga til dette vesle huset auka slik at ein ofte er sprengt kapasitetsmessig – både når det gjeld areal og mannskap. På det opne møtet i august sa styreleiar Åse Ljones:

Den erfaringa me har no i sommar er at me kan nesten ikkje kan klara å driva ein sommar til på same måten. Det er mange som kontaktar oss, nokon på veldig kort varsel, tre dagar før dei skal koma, ynskjer kaffi og kaker og omvising. Det er mykje interessante spørsmål og me svarar etter beste evne. Det har vore mykje pågang i sommar. Me prøver å ikkje sei nei til nokon. Me har eit motto om at alle skal få lov å koma inn. Så snart me har døra open, så kjem det folk.

⁸ Ope møte i Fosse-huset 31. august 2024

⁹ E-post frå Strandebarm skule 9. august 2024

¹⁰ Brev frå Strandebarm Utvikling, 3. september 2024

Dette er ei ektefølt skildring av Fosse-stiftinga sin situasjon, og også dette seier noko om kva ein ynskjer med eit Jon Fosse-senter: Noko som er stort nok – både i organisasjon, lokale og fasilitetar – til å handtera det som er eit opplevd behov, og det ein både planlegg og drøymmer om for framtida.

Det bør vera mogleg å foreina denne type lokalt uttrykte ynskje, som ofte er tydelege og konkrete, med meir overordna og kulturfagleg funderte føremål. Dei sistnemnde kjem også frå lokalmiljøet, det er viktig å presisera, men i større grad frå sentrale institusjonar og organisasjonar som jobbar på kulturfeltet.

I neste bolk kjem det som forprosjektet vil løfta fram som viktige føremål og ynskje for eit Jon Fosse-senter, basert på eit breitt tilfang av innspel. Eit grunnleggjande poeng er at senteret skal gje eit tydeleg bidrag til den omfattande aktiviteten som alt finst knytt til Jon Fosse sin forfatterskap, med vekt på det som er spesielt ved Strandebarm – den spissa kunnskapen og dei unike opplevingane ein må oppsøka denne staden for å ta del i.

4.2 Føremål og ynskje

1. **Det litterære landskapet**

Vera staden å koma til for dei som vil læra om og oppleva Jon Fosse sitt geografiske og litterære landskap

Ein kan sjå Fosse-dramatikk på scenar verda over, og lesa bøkene hans kor det skal vera. Men det er berre i Strandebarm at ein kan gå rundt i det fysiske landskapet som både pregar mykje av tekstuniverset, og som ein kan oppleva er direkte skildra. Dessutan er det her Jon Fosse faktisk voks opp, i Fossvågen i eit tun som er intakt. Her finst naustet, bedehuset, ungdomshuset, ungdomsskulen, bakkane, fjordspegelen. Desse elementa, og mykje meir, har historier å fortelja om Jon Fosse, og kan hjelpa folk med å skjønna både forfattaren og forfatterskapet. Eit nøkkelord er autensitet. Hege Stensrud Høsøien sa det slik i det opne møtet i Strandebarm: «Når ein kjem til Strandebarm så er ein i eit geografisk og kulturhistorisk landskap, og i eit litterært landskap også. Det er unikt.» Norsk Forfattersentrum seier: «Heilt konkret vil publikum gjerne lære noko om heimplassen til Fosse og korleis heimplassen har påverka litteraturen hans. Kva finn ein att i litteraturen som han har frå denne plassen?»¹¹

Fosse-stiftinga kan vitna om kor interessant og også mektig det kan vera for folk utanfrå å oppleva Jon Fosse sin heimstad. Cecilie Seiness i Samlaget stadfestar: «Det er stort for forfattarar, omsetjarar og utanlandske forleggarar å koma til Strandebarm, til landskapet, fjorden, desse stadene som er synlege i tekstane. Det ekstremt lokale.» Direktør i Hardanger og Voss museum, Åsmund Kristiansen, legg vekt på naturen og landskapet som det aller sterkaste elementet: «Eg meiner dei som reiser til eit Jon Fosse-senter må få ein meirverdi, og det er Jon Fosse si verd med

¹¹ Brev frå Norsk Forfattersentrum Vestlandet 16. september 2024

utgangspunkt i Fosse-grenda. Forfattaren lagar nokre bilete, og iallfall dei eg får er store, enkle bilete av landskapet. Det er først og fremst dette folk må få sjå og oppleve.»

Ved å leggja vekt på det større landskapet, går ein utanfor grensene av det ein normalt kallar eit senter. Det må ein gjera tydeleg i profileringa av det ein skal byggja opp.

2. Forfattaren og litteraturen

Formidla og utvikla kunnskap om Jon Fosse

Hege Stensrud Høsøien i Nasjonalbiblioteket peikar på eit sentralt poeng: «Det er ikkje noko senter eller museum der ein dag kan reisa for å få ei innføring i Jon Fosse og hans litteratur. Dette må finnast i eit Fosse-senter.»¹² Her ligg ei utfordring med nasjonale og internasjonale dimensjonar. Jon Fosse-senteret skal vera staden å oppsøka om ein vil få ei innføring i Jon Fosse og hans litteratur, eller meir presist: Ein skal utvikla kunnskapsformidling og opplevingar som har forfattaren Jon Fosse som utgangspunkt og som på ulike vis belyser forfattarskapet hans.

Eit Jon Fosse-senter må ha eit sterkt fokus på Jon Fosse sjølv – både mennesket og skribenten. Når senteret ligg der han voks opp, har ein eit eksklusivt utgangspunkt for å teikna eit bilete av Jon Fosse. Kva som har forma han, heilt frå barndomen, og kva som har vore vegen fram til der han er i dag – og vidare. Denne historia vil hengja saman med formidling av kunnskap og opplevingar som set lys på forfattarskapet. Formidlinga må også vera brei, med utbyte for både høgt skulerte Fosse-ekspertar og generelt nyfikne gjester i alle aldrar. Strandebarm skule peikar på eit viktig oppdrag: «Her vil skulane gå til duk og dekkja bord med det ein god norsktide bør innehalda.»

Saman med slik formidling, høyrer òg kunnskapsutvikling og gjerne forskning. Det må vera eit føremål at Jon Fosse-senteret bidreg fagleg på denne måten, i samarbeid med andre fagmiljø. Denne aktiviteten er viktig for å medverka til at senteret er litteraturfagleg interessant. Ei mengd tema som også strekkjer seg ut over dette forfattarskapet, kan både forskast i og formidlast. Til dømes: Korleis vert forfattarar påverka av landskap og lokalsamfunnet dei kjem frå? Kva er det med bygda (både Strandebarm og andre bygder) som kan gje næring til at ein person derfrå vert ein stor kunstnar, og kva er det som gjer at vedkomande ofte også må koma seg vekk derfrå? Kor viktig er nynorsken i dette forfattarskapet? Eller ein kan følgja temaet dialekt, som Fosse-stiftinga alt har gjort med å engasjera seg i den årlege Dialektfestivalen i Strandebarm.

3. Den lokale krafta

Eit senter som byggjer på Fosse-stiftinga sitt arbeid

At ein snakkar om og planlegg eit Jon Fosse-senter i Strandebarm i dag, er i stor grad eit resultat av Fosse-stiftinga sitt langvarig og gode arbeid. Ein kunne ha etablert eit Fosse-senter i Bergen, der Jon Fosse har budd lengre enn i Strandebarm. Eller ein kunne gjort det i Oslo, der han har sin norske heim no, og det er trass alt hovudstaden i landet. Men det er semje om Strandebarm.

¹² Samtale 8. august 2024

Cecilie Seiness seier, og mange andre ytrar liknande: «Stiftinga har jobba svært godt, og gjort ting på rette måten, passeleg nedpå, knytt til landskapet og staden. Det er enormt fint å koma til Fosse, ikkje minst bedehuset. Det er høg kvalitet i det.»¹³ Siste året har stiftinga hatt eit besøkstal på ca. 2750, gjennom arrangement, besøk og utleige.

Det ligg eit imponerende engasjement i miljøet i Strandebarm, og ikkje minst ein verdfull kompetanse i det å jobba med Jon Fosse-formidling i desse omgjevnadene. Stiftinga har gjennomført ei lang rekkje frittståande arrangement i ulike sjangrar, og dei årvisse Fosse-dagane. Dei har samarbeidd om prosjekt og arrangement med alt frå Kvam mållag til Festspela i Bergen, og gjennomført teateroppsetjingar på ulike arenaer i Strandebarm i samarbeid med fleire av dei store teater i landet. Ingen kan kunsten å jobba med Jon Fosse-tematikk i Strandebarm så godt som Fosse-stiftinga, og det er viktig å dra denne kunnskapen, erfaringa og folka sjølve med vidare i eit Jon Fosse-senter. Det vil vera avgjerande for å få med frivilligheita, og styrka det viktige poenget med at senteret også må ha eit lokalt og nært preg.

4. Den inspirerende lærestaden

Eit senter som inspirerer og fører kunsten vidare

Med utgangspunkt i Jon Fosse sin litteratur, ligg det til rette for at senteret kan ta ei sterk rolle som både lære- og inspirasjonsstad innan kunstfeltet. Teatersjef på Den Nationale Scene, Solrun Toft Iversen, seier: «Senteret bør sjå framover, og leita etter nye forteljarstemmer. Det å tilby den ramma Jon Fosse skriv ut frå, er å opna vegen inn til ei stor inspirasjonskjelde.»¹⁴

Fosse-stiftinga kan fortelja om forfattarar og andre kunstnarar som kjem til Strandebarm, og som vert fylt av både innsikt og inspirasjon. Liv Hege Skagestad, som er knytt til Jakob Sande-senteret, meiner det er eit potensial for at ei gjesteordning i Jon Fosse-senteret kan trekkja til seg både skrivande og forskande personar, alt frå forfattarar og oversetjarar til scenekunstnarar.¹⁵ I dette ligg også at senteret bør vera ein møteplass mellom profesjonelle og frivillige.

At senteret kan ta ei aktiv utviklande rolle på kunstfeltet, harmonerer med den rolla Jon Fosse sjølv har teke på dette området, mellom anna som lærar på Skrivekunstakademiet i mange år. Og det går ei viktig linje til dei klassiske akademiske miljøa. Førsteamanuensis Wolfgang Hottner ved Universitetet i Bergen seier at det fantastisk for hans institusjon å ha ein Jon Fosse-aktivitet i Strandebarm, og at nytte, lærdom og inspirasjon kan gå begge veger mellom Jon Fosse-senteret og universitetet.¹⁶

Me bør òg trekkja fram nynorsken i denne samanhengen. Jon Fosse er den viktigaste representanten for nynorsk skriftkultur i vår tid. At denne målforma er med på å danna kjernen i senteret, er sjølvsgagt. Som Jon Fosse uttalte etter at han fekk tildelt Nobelprisen: «Eg vel å sjå denne

¹³ Samtale 13. juni 2024

¹⁴ Samtale 13. juni 2024

¹⁵ E-post 26. juni 2024. Sjå også Skagestad sin forprosjektrapport for Jakob Sande – klynge/senter for forteljekunst på Vestlandet

¹⁶ Samtale 23. september 2024

pristildelinga som ei tildeling til den litteraturen som fyrst og sist vil vera litteratur, utan å ta andre omsyn. Og ikkje minst vel eg å sjå pristildelinga som ein pris til nynorsken og til den nynorske målreisinga. Anten eg vil eller ei, må eg i sannings namn takka nynorsken for prisen».¹⁷

5. Kulturarenaen

Eit kulturelt møtepunkt og eit reisemål

Utan tvil må det vera eit viktig føremål med eit Jon Fosse-senter å vera eit kulturelt møtepunkt, både lokalt men òg for eit større område. I sine vedtekter brukar Fosse-stiftinga ordet «kulturhus», som tradisjonelt peikar mot det lokale. Fosse-huset er nok i dag meir ein lokal kulturarena enn ein regional eller nasjonal, og også i eit større senter må det vera greitt at det er ei god tyngde på det lokale, sjølv med ei regional og statleg finansiering. Det grunnleggjande er at senteret byr på kunst- og kulturopplevingar av god kvalitet, og inviterer inn kven det skal vera, og med låg dørstokk.

Jon Fosse-senteret bør òg ha ei rolle som reisemål og turistattraksjon, og i utgangspunktet for heile spekteret frå internasjonale turistar til nærturistar. Fosse-stiftinga les situasjonen til at marknaden for dette er veksande, og direktør Andreas Skogseth i Visit Hardangerfjord skriv i e-post: «Vi har stor tro på at Jon Fosse fenger tilreisende og er et trekkplaster til regionen.»

Reisemålsføremålet kan me òg sjå i forprosjektet frå 2007, der ein seier at ei profesjonell markering av Fosse sin forfattarskap vil kunne styrka interessa for Hardanger og Strandebarm på ein måte som gjev langsiktige verknader.

Med tanke på kva som er kjernen i det heile, den kompromisslause forfattaren Jon Fosse og hans virke, skulle det vera enkelt å seia kva som skal vera prioriteringa mellom desse to føremåla: Eit Jon Fosse-senter må primært vera eit kulturelt møtepunkt, og deretter eit reisemål.

6. Heilt ekte Jon Fosse

Eit senter som er i Jon Fosse si ånd

Dette er eit naturleg siste punkt. Som Cecilie Seiness i Samlaget seier: «Lag noko Jon Fosse er nøgd med, noko han kan leva med.»¹⁸ Ei slik rettesnor betyr ikkje at forfattaren sjølv skal leggja føringar for innhald og profil. Jon Fosse er tydeleg på at han ikkje vil blanda seg inn slik. Men or tallause intervju, litteraturen hans, m.m., kan ein likevel ha eit nokolunde klart bilete av kva som vil vera i Jon Fosse si ånd, og vera i tråd med hans sterke kunstnarskap. Eit Jon Fosse-senter bør snakka med roleg røyst meir enn å skråla, vera smålåte meir enn prangande, bry seg om ekte innhald meir enn fasade, vera trygt forankra i nynorsken.

Ein bør lodda djupt. I NRK-dokumentaren «Det som ikkje kan seiast» undrar Jon Fosse seg sjølv over kva som skjer når hans skriv, og seier at «eg veit ikkje kva det er, eller kvar det kjem frå. Det

¹⁷ LNK-nytt 5. oktober 2023

¹⁸ Samtale 13. juni 2024

er eit mysterium. Hadde ein visst kvar den gode kunsten kjem frå, eller korleis han blir til, så hadde det vore enkelt. Då hadde ein knapt nok hatt kunsten. Kva skjer? Korleis skjer det? Korleis blir det til?»¹⁹ Å vandra og leita i slike spørsmål og mysterium bør vera noko av livsverket i eit Jon Fosse-senter.

Me skal også leggja oss på minne dei siste orda i nobelføredraget: «Takk til Svenska Akademien for å ha gjeve meg nobelprisen i litteratur. Og takk til Gud». Jon Fosse si åndelege reise, som har teke vegen inn i djup kristen tru og katolisismen, opnar opp ei interessant verd av tema. Dette vart løfta fram på det opne møtet i Strandebarm, og følgd opp i e-post frå Solveig G. Norheim i etterkant: «Eg tenkjer at det dei besøkjande til Fossesenteret først og fremst må få med seg, er ei næring til det djupaste og inste i seg, til sjela.»²⁰

Norheim peikar på noko Jon Fosse sjølv seier om kunst i boka «Mysteriet i trua»: «Det er som om ein god kunstnar klarar å utvida den gneisten som er inst inne i alle menneske, til å verta synleg i det skapte rommet, som bilete, som musikk. Gneisten inst der inne, som samstundes er det heilt unike og det heilt ålmenne, vert i det gode kunstnarskapet så å seie synleg». Eit senter som er i Jon Fosse si ånd, må ha ein kjerne som rører ved eksistensielle spørsmål, og den eksistensielle uroa som er ein raud tråd i forfattarskapen til Jon Fosse.

4.3 Funksjonar og innhald

Kva funksjonar og innhald eit senter bør ha, leier oss mot spørsmål om kor mykje areal som trengst og kva type lokalitetar, og kanskje også kor desse bør vera plasserte. Men me startar med å konsentrera oss om funksjonane, der nokre alt er på plass, og fleire må koma etter kvart. Som styreleiar Åse Ljones sa på det opne møtet i august: «Kva har me, og kva treng me?»

1. Barndomsheimen Myra

Den kanskje viktigaste brikka i eit Jon Fosse-senter ser ut til å falla på plass, ved at Fosse-stiftinga er i ferd med overta barndomsheimen til forfattaren: Myra. Det vesle bruket i Fossvågen inneheld huset Jon Fosse voks opp med foreldre og to sysken, og huset til besteforeldra som ligg vegg i vegg. Her er òg løe, naust og støl. På denne flekken med jord sprang han som liten mellom husa, og leika med venene sine i løa.

Det kan sjølvstøtt diskuteras i kva grad heimen bør vera eit hovudelement i eit senter for ein forfattar. Morten Wessel Krogstad skriv i artikkelen «Kunstnerhjemmet – speil eller titteskap?»:

«Noen mener at det eneste interessante ved disse åndens fyrster, er deres verk, og ikke den fysiske rammen omkring deres oppvekst eller kunstneriske liv, deres hjem og opplevelser. Det mener ikke folk flest.»²¹ Slik ser det ut til å vera. Det å kunna koma inn i heimen til store kunstnarar er interessant og tiltrekjande for mange og det kan gje innsikter ein ikkje kan få andre stader. I

¹⁹ NRK: «Jon Fosse – Det som ikkje kan seiast», 27. september 2019

²⁰ E-post 5. september 2024

²¹ Morten Wessel Krogstad, Kunstnerhjemmet – speil eller titteskap? i Fortidsvern 3/2005

senter som byr fram dette, vil heimen ofte vera sjølv magneten, og det ein best hugsar etter besøket. Formidla og brukt på rette måten, kan Myra gje innsikt og lærdom om Jon Fosse og forfatterskapen hans, og ein kan oppleva å koma nært inn på forfattaren.

2. Fosse-huset og andre autentiske bygg

Sidan Fosse-stiftinga overtok bedehuset på Fosse i 2021, har det vore hovudarenaen for stiftinga sine aktivitetar og arrangement. Det er ein del av Jon Fosse sitt nærmiljø på Fosse, rundt tre hundre meter frå heimen. Besteforeldra var aktive i Indremisjonen her, Jon Fosse brukte huset meir til å smugrøyka under det overbygde inngangspartiet. Me er tett på forfattaren også her, i det som no ber namnet Fosse-huset. På kort tid har det funne si form som ein intim og eksklusiv arena for tilreisande, ein kjent og kjær møtestad for lokalfolk. Fosse-huset kan og bør halda fram å ha ei slik rolle som ein del av eit større Jon Fosse-senter – ein stad for den mindre typen arrangement, som akustiske konsertar, seminar, opplesing og litteraturtematiske arrangement.

Både Myra og Fosse-huset står ganske uendra som då Jon Fosse budde heime i Strandebarm, og det finst fleire hus som med sin autensitet har ei nær kopling til forfattaren. Dei kan gje farge og innhald til forteljinga om forfattaren, og vera med på å belysa forfatterskapen. Ein vev av slike bygg kan mellom anna omfatta kyrkja, ungdomshuset Haugatun, ungdomsskulen, og heile naustrekkja på Fosse.

3. Opplevingar av det litterære landskapet

Jon Fosse seier: «Det gjer sjølv sagt noko med ein å veksa opp i eit så vakkert landskap. På same måten som språket ditt blir prega av staden der du veks opp, så blir andre ting i deg prega av det.»²²

Når det gjeld å koma nært inn på både forfattaren og litteraturen hans, er landskapet med Fosse i sentrum ei heilt spesiell kjelde. For nokre kan den sterkaste Jon Fosse-opplevinga vera å gå rundt i landskapet, eller ro på fjorden. Det er lett å tenkja at dette ligg der klart, og det er berre å ynskja velkomen. I noko grad kan ein tenkja slik, iallfall ei stund. Men i tillegg til at ein skal ta omsyn til dei som eig og bur i området, er det konkrete funksjonar og innhald eit senter bør planleggja og gjennomføra på ein profesjonell måte.

Noko er alt prøvd. I 2009 samarbeidde Fosse-stiftinga med Strandebarm ungdomsskule, der 8.-9- klasse laga 35-40 sauebilete med tekstar frå Jon Fosse-boka «Prosa frå ein oppvekst». Desse vart monterte på plater og plasserte på stien til Haukåsfjellet, der dei framleis står til glede og inspirasjon for turgåarar. Ein kan også oppretta lyttepostar ved hjelp av tekniske eller digitale verktøy rundt i landskapet, noko Fosse-stiftinga arbeider med no.

Slike installasjonar, anten dei er permanente eller temporære, kan vera gode og lettdrivne formidlingstilbod. Senteret kan elles i organisert form leia publikum rundt i landskapet, og mellom bygg og andre element. Litteraturhuset i Bergen har røynsle med å ha omvisingar i Bergen i dei litterære spora ein kan dra ut frå Fosse-boka Andvake. Liknande kan ein gjera i Strandebarm, og ein kan bruka landskapet som scene eller arena for ulike kunstnarlege arrangement.

²² NRK: «Jon Fosse – Det som ikkje kan seiast»

4. Ro ein strandebarmar, og andre opplevingar på fjorden

Fjorden og småbåten gjer seg svært mykje gjeldande i Jon Fosse sin litteratur, og er sterke element i forfattaren sitt liv. «Eg var meir eller mindre i båt frå eg var sju år», seier han sjølv.²³ Å ha eit Jon Fosse-senter som ikkje tek gjestene sine med ut på fjorden, bør vera utenkjeleg. Den lokale båttypen strandebarmaren er ein formidlingsmessig skatt, tett knytt til Jon Fosse og noko som er spesielt for Strandebarm.

Hardanger fartøyvernssenter i Norheimsund er eit døme på korleis ein kan driva ein slik aktivitet, der ein rotur er inkludert i museumsbilletten. Ein kan òg leiga robåt på timebasis. Det er langt meir verdfullt å oppleve ein strandebarmar på sjøen, enn i ei utstilling, sjølv om det siste òg kan vera med på innhaldslista.

Fjorden kan vera ein eineståande arena for litteraturformidling og arrangement, i Jon Fosse si ånd. Under forprosjektet har fleire peika på bokbåten Epos som noko ein burde kopla til eit Jon Fosse-senter. Dette skal vera verdas første spesialbygde bokbåt, bygd i 1963 av Fjellstrand AS i Strandebarm. Epos var flytande bibliotek for fylkesbiblioteka i vestlandsfylka fram til 2020, og fungerer i dag som litteraturbåt drive av stiftinga Litteraturbåten Epos. Sommaren 2024 har båten hatt faste litteraturcruise på strekkja Rosendal-Øystese, med sving innom Fosse. Epos kan ha ein svært god og viktig formidlingsfunksjon for Jon Fosse-senteret med ein passasjerkapasitet på 100 personar, og sitjeplassar til 80 vaksne i salongen ved arrangement.

5. Utstillingar og andre tradisjonelle formidlingsformer

Når Jon Fosse-senteret skal gje publikum ei innføring i Jon Fosse og hans litteratur, er det nærliggjande å tenkja at dette mellom anna må skje gjennom det klassiske utstillingsformatet, slik ein ofte finn på museum. Senteret bør nok nytta seg av denne formidlingsforma, med både permanente og temporære utstillingar. Det vil finnast både materielle og immaterielle ressursar å bygga det på. Slik finst i Strandebarm, med gjenstandar og anna Fosse-stiftinga har samla, og historier og minne folk kan dela. Og ein kan låna inn, til dømes frå Nasjonalbiblioteket som med Fosse-arkivet har mykje materiale som kan leggjast til rette for bruk i Jon Fosse-senteret.

I kva omfang ein skal nytta utstillingsformatet, er ikkje gitt. I noko grad må framtida få visa kva formidlingsformer som fungerer best. Éin påle vil uansett vera at litteraturen til Jon Fosse må ha ei sentral plass i det ein fortel, og også biografien hans. Ein annan påle er at formidlinga skal vera kunnskapsbasert. Ho kan vera leiken og underhaldande, men som hovudregel skal det liggja forskning bak.

6. Ein stad for både skulesekken og spaserstokken

Som andre kulturbaserte senter eller museum, må Jon Fosse-senteret ha ein konkret og viktig funksjon i skuleverket. Ofte er skuleelevar den viktigaste besøksgruppa i tida utanom sommar-sesongen, og det er ei standard arbeidsoppgåve å laga pedagogiske opplegg som er tilpassa læreplanane. Den kulturelle skulesekken har vorte ei viktig ordning i denne samanhengen. Å gje

²³ Ibid

den oppveksande slekt gode og engasjerande opplevingar av Jon Fosse sin litteratur og alt det andre senteret kan by på, er eit stort bidrag til samfunnet.

Det er sannsynleg at det er dei lokale skulane som oftast vil nytta seg av eit Jon Fosse-senter, men ein må ha ambisjon om å vera eit aktuelt tilbod regionalt når det gjeld grunnskule og vidaregåande – og også ha opplegg for å ta i mot elevar meir langvegsfrå. Det er òg slik at eit Jon Fosse-senter kan ta med seg sitt formidlingstilbod ut til skular og andre institusjonar.

Pedagogiske og faglege opplegg skal ikkje berre vera mynta på skuleelevar. I den andre enden av alderssegmentet har dei eldre si ordning som opnar kulturtilbod for dei: Den kulturelle spaserstokken. Eit sortiment av gruppeopplegg vil ha mange ulike funksjonar og for ulike mottakarar. Bedrifter og lag og organisasjonar av ulikt slag, må alle kunna vita at Jon Fosse-senteret har noko å gje dei.

7. Ein stad for både Fosse-pilegrimen og bussturisten

Jon Fosse-senteret må ha ein funksjon som reisemål. Dette var vektlagt i 2007-forprosjektet, og står seg framleis. Sjølv om det først og fremst er naturopplevingane som dreg turistar til Hardangerfjorden, er kulturturistane ei veksande gruppe. Det er særleg ein tendens til at dei som kjem på grunn av naturen, ynskjer opplevingar av kultur og historie i tillegg.²⁴ At Fosse-stiftinga opplever aukande besøk frå både dedikerte tilreisande Fosse-entusiastar og vanlege bussturar, er eit godt teikn. Det kan vera gode grunnar for å særleg leggja vekt på nærturismen, som handlar om å utforska og oppdaga lokale eller regionale destinasjonar. Dette har òg eit berekraftperspektiv.

I møte med turistmarknaden må Jon Fosse-senteret ha som utgangspunkt å vera kompromisslaus på kvalitet, slik Jon Fosse er det i si skrivning. Dette senteret skal aldri verta ei kommersiell turistmaskin der marknaden sin etterspurnad avgjer innhaldet. Også destinasjonsselskapet Visit Hardangerfjord uttalar at eit senter bør forankrast i det faglege. Slik kan ein tenkja at Jon Fosse-senteret meir vil venda seg til Fosse-pilegrimen enn bussturisten, men dette er ei mistyding. Som eit råd frå Litteraturhuset i Bergen seier: Sikt smalt for å treffa breitt.

8. Eit utval scenar for drama

«Det me ynskjer mest er ein teatersal», sa styreleiar Åse Ljones på det opne møtet i Fosse-huset. Med den internasjonale posisjonen Jon Fosse har som dramatikar, må Jon Fosse-senteret ha ein funksjon som ein stad der ein kan oppleve teaterframsyningar, anten skodespela er skrivne av Jon Fosse eller andre.

Ein slik funksjon må seiast å ha eksistert frå tidleg i Fosse-stiftinga si levetid. Hordaland teater spelte «Og aldri skal vi skiljast» i Fosse-huset i den tid det var bedehus. Ein kunne oppleve «Skuggar» med Black Box teater i Strandebarm idrettshall, og Hildegund Riise i «Hav» i Haugatun. Dette er arenaer som ikkje er tilrettelagde for teater, og dermed krevjande og mangelfulle ut frå normale krav. På ei anna side, det å sjå eit Fosse-stykke i ungdomshuset der Jon Fosse vanka – og Haugatun er eit svært fint og freda bygg – det gjev tilleggsdimensjonar ein ny, moderne teatersal

²⁴ Innovasjon Norge, Turistundersøkelsen sommar 2023

ikkje har. Det er i slike lokale, eller utandørs i Strandebarm, at ein tydeleg får ein ekstra vinst samanlikna med å sjå Fosse i Oslo eller Bergen.

Denne typen teaterverksemd må ein halda fram med, parallelt med at ein arbeider for ein permanent scene som er lagt til rette for å ta i mot teaterframsyningar. For ein ny arena for teater bør koma, og kompetanse og samarbeidslinjer innan teater byggast opp, slik at Jon Fosse-senteret kan fungera som ein interessant stad for norsk dramatikk.

Som i andre lokale, vil arenaene for teater også vera arena for anna bruk. Dei fleste av dagane i året er det truleg andre aktivitetar som vil finna stad der, og ikkje minst er det viktig å ha gode vilkår for festivalformatet.

9. Kulturhusfunksjonen

Med dei ulike aktivitetane og arenaene Jon Fosse-senteret vil ha, tek konseptet nærmast automatisk ein kulturhusfunksjon i Strandebarm. Slik er det òg i dag. Fosse-huset er eit kulturhus i miniformat.

Eit kulturhus i tradisjonell forstand er eit større bygg med ei rekkje element, som bibliotek, kino, storsal, og det er kommunalt drive. Ein er generelt på veg bort frå denne måten å tenkja og driva kulturhus på, m.a. ved at nye kulturbygg gjerne knyter seg til andre verksemdar, som skule, hotell, idrettsanlegg, og at det er ganske ulikt kva funksjonar bygga inneheld og korleis dei er finansierte. Når Fosse-stiftinga har i vedtektene å arbeida for å etablere eit kulturhus i Strandebarm, kan me tenkja at det meir mot ei slik fleksibel form me skal sjå.

Om eit oppegåande og profesjonelt Jon Fosse-senter har ulike arenaer og fasilitetar som er tilgjengeleg også for almenne kulturarrangement, må ein kunna sei at kulturhusfunksjonen langt på veg er stetta. Samfunnsaktuelle tema som demokrati, ytringsfridom, berekraft, er alt slikt som eit Jon Fosse-senter kan arbeida med ut frå sin faglege ståstad. Men det kan òg leggjast til rette for at andre arrangørar kan gjennomføra slike program, og også konsertar o.l.

10. Bibliotek og magasin

Om senteret skal ha sitt eige bibliotek, eller ha ei boksamling i samarbeid med folkebiblioteket, er noko å finna ut av framover. Men med ein forfattar som har gjeve ut over femti bøker, og desse har kome på mange språk, vil ei samling av alle desse vera nokre gode bokreolar i seg sjølv. I tillegg kjem andre bøker Jon Fosse har teke del i, tidsskrift, med meir. Å jobba opp ei komplett samling av det Jon Fosse har produsert og utgjeve i bokform, vil vera ei naturleg arbeidsoppgåve. Nasjonalbiblioteket sitt arkiv vil femna endå vidare, her vil ein finna alt frå Jon Fosse sin første e-post til menyen for nobelmiddagen. Men ei samling av alle Jon Fosse-bøker, i alle språkversjonane, vil vera ein god ressurs og eit gjevande publikumstilbod å ha i Jon Fosse-senteret.

Når det gjeld ein magasinfunksjon for meir generelle samlingar knytt til Jon Fosse, vil det vera nødvendig å ha fasilitetar for sikker oppbevaring av dette. Ein del gjenstandar og anna materiale finst alt hjå Fosse-stiftinga, og meir kan koma til. Den funksjonen Jon Fosse-senteret kan ha på dette området, må skje i tett samarbeid med Nasjonalbiblioteket.

11. Ein digital møteplass

Ikkje alle har moglegheit til å besøka Strandebarm fysisk, og å presentera Jon Fosse sitt kunstnarskap digitalt gjennom ei nettside eller sosiale medium er ei naturleg arbeidsoppgåve. Det finst moglegheiter for å gjera dette på nyskapande måtar, og mynta på spesifikke målgrupper. Den digitale formidlinga kan skje i nettutstillingar o.l., men òg som ein del av fysiske utstillingar i senteret.

Kopla med andre digitale tenester og ressursar, ligg det ein moglegheit for at Jon Fosse-senteret kan utvikla ein digital kunnskapsbank for Jon Fosse sitt kunstnarskap. Tyngda i dette kjem an på kor mykje ressursar ein kan setja inn på det, og kva samarbeidsordningar ein kan få i stand – men uansett må senteret ta ein slik funksjon i noko grad.

12. Fagfunksjonen

Det er stor akademisk interesse knytt til Jon Fosse, og litteraturen hans er eit forskingsfelt. Eit Jon Fosse-senter må ha eit djupt tilhøve til denne litteraturen, både kjenslemessig og litteraturfagleg. I det siste ligg at senteret må ta del i det vitskaplege arbeidet som går føre seg rundt Jon Fosse sitt kunstnarskap. Universitetet i Bergen stadfestar at det til ei kvar tid er ei rekkje både studentar og tilsette som arbeider med Jon Fosse sin litteratur, og at det å koma til Strandebarm vil gje lærdom og inspirasjon. Ikkje minst forskarar frå andre land vil ha nytte av å koma til Strandebarm for å oppleva korleis det eigentleg er, dette landskapet Fosse skriv om.

Det å byggja opp ein akademisk fagfunksjon er ikkje noko Jon Fosse-senteret kan gjera på eiga hand. Her må det vera konkrete og forpliktande samarbeid med sterke fagmiljø, som Universitetet i Bergen.

I kva grad forskning og kunnskapsutvikling skal skje fysisk i Strandebarm, eller meir i forskingsinstitusjonane og i samarbeid med miljøet i Strandebarm, vil måtta visa seg. Det viktigaste er nok at Jon Fosse-senteret bidreg til denne typen kunnskapsarbeid, og gjennom dette byggjer opp sin eigen kompetanse. Eit viktig moment er at kunnskapsutvikling sjølvsagt ikkje berre skjer innan akademien. Det å henta inn lokalkunnskap, til dømes i samarbeid med Strandebarm skule og Kvam vidaregåande, kan gje viktig innsikt.

Eit resultat må vera at senteret får ein stadig tydelegare funksjon som ein stad som er fagleg interessant og nyttig. Og Jon Fosse sitt forfatterskap er sjølvsagt ikkje fagleg interessant berre innan litteraturvitskapen, men i teaterfaget, sosiologi, psykologi, og mykje meir.

13. Gjesteresidens

Med tanke på å leggja til rette for både kunstnarleg inspirasjon og forskingsarbeid, bør Jon Fosse-senteret ha gode gjestefasilitetar for å både bu og jobba eller studera. Det er grunn til å tru at både studentar, forskarar og kunstnarar vil søkja mot Strandebarm, om senteret kan by på gode ordningar for opphald. Arbeidsromma ein tilbyr, kan vera alt frå kontor til teaterscene og naturen sjølv.

Gjesteresidens kan gjerne vera kopla til andre institusjonar. Til dømes nemner Skrivekunstakademiet at eit residensopplegg i Strandebarm gjerne kan vera direkte knytt til deira utdanning.

Nasjonalbiblioteket arbeider for å tilby eit stipendopphald i Strandebarm for den som mottek den årlege oversetjarprisen som er oppretta i samband med nobelprisen til Jon Fosse. Vestland fylkeskommune jobbar også med eit nytt stipend som vil verta knytt til nynorsk og gjerne Jon Fosse.

Det kan vera verd å notera seg at ein gjesteresidensfunksjon normalt ikkje er ei inntektskjelde, ved at gjestene betaler leige. Ved t.d. forfatarresidensar er det mest vanlege at det er gratis å nytta desse, eller at det følgjer med stipend i tillegg.

14. Kafeen, butikken, toaletta

Til eit kulturelt senter av eit visst format, høyrer både kafé, butikk og gode toalettfasilitetar. No finst det vellukka kulturinstitusjonar på landsbygdene som ikkje satsar stor på kafédrift, og museum som har ein sparsam museumsbutikk. Men det finst òg døme på at særleg kafeen er sjølve trekkplasteret.

Her ligg det moglegheiter, og ein kan bruka tid på å avgjera i kva grad ein skal satsa på god kaffi og herlege kaker. Uansett må ein ha med seg at senteret skal ha ein slik funksjon, der ein kan møtast ved eit kafébord, handla ein julepresang, og kunna nytta skikkeleg toalett – alt universelt utforma.


Her kan me skyta inn at det med eit Jon Fosse-senter i bygda opnar seg eit stort potensial for private (nærings)interesser til å supplera med kafé, overnattingsstader, o.l.

15. Arbeidsplassen

Sjølv om Jon Fosse sin litteratur og Strandebarm sine kvalitetar borgar for at Jon Fosse-senteret vert ein suksess, er det langt på veg dei tilsette som avgjer om det vert slik. Det å byggja opp ein organisasjon av dyktige og engasjerte tilsette, er alfa og omega.

Den faste arbeidsplassen Jon Fosse-senteret må ha kontor og andre arbeidssoner for ein liten stab, tettast mogleg kopla til dei ulike publikumstilboda, og det må vera profesjonalitet også i denne delen av verksemda.

Lokalt vil det vera ei god utvikling å få opp ei verksemd med trygge kompetansesarbeidsplassar, men dette er òg viktig i eit regionalt og nasjonalt perspektiv. Det å ha eit stabilt og profesjonelt fagmiljø i Strandebarm å halda seg til når det gjeld forfattaren Jon Fosse, er ein tydeleg vinst. Truleg er det fleire fagmiljø som vil sjå nytten av å gå inn tett og gjerne avtalefesta samarbeid med eit slikt senter.



1. Fossvågen med naust i framgrunnen, Fosse-huset bak. Foto: Svein Ove Duesund. 2. Kulturprisen 2022, med illustrasjon av May Linn Clement. 3. Ope møte om forprosjektet 31. august 2024. Foto: Knut Markhus. 4. Gamle Strandebarm barneskule. Foto: Knut Markhus. 5. Sauebilete med Fosse-tekstar ved stien til Haukåsfjellet. Foto: Svein Ove Duesund. 6. Fosse-loftet i Strandebarm Marina. Foto: Knut Markhus

5. Målgrupper, samarbeidspartar

Det er positiv atmosfære rundt spørsmålet om kven Jon Fosse-senteret skal venda seg til med formidling og innhald, og kven ein skal samarbeida med fagleg og på anna vis. Arrangementa til Fosse-stiftinga trekkjer godt med folk, og stiftinga har heilt sidan starten opplevd at det er lett å få til fruktbare koplingar med andre som arbeider med Jon Fosse sitt forfattarskap. Hausten 2022 har Hordaland Folkeblad ein rapport frå Fosse-huset og snakkar med styreleiar Åse Ljones:

Stiftinga samarbeider med fleire teater. Ymse kulturaktørar har dessutan sjølve teke kontakt for å få nytta scena i den gamle bedehussalen i hovudetasjen. Og det som kanskje gler huseigarane aller mest, er at dei ynskjer å koma att seinare. Til dømes vil gjerne skodespelar Jacobsen, som hadde to framsyningar i Strandebarm før sommaren, meir enn gjerne returnera, røper Ljones.²⁵

Når me vidare ser meir konkret på målgrupper og samarbeidspartnarar, byggjer det både på erfaringar frå Fosse-stiftinga sitt arbeid så langt, og innspel i forprosjektperioden.

5.1 Målgrupper

Når det gjeld målgrupper, er det viktig å slå fast at eit Jon Fosse-senter skal vera ope og tilgjengeleg for alle. Det betyr konkrete ting som at det må vera høvelege opningstider heile året, og at arenaene så langt det er mogleg skal vera universelt utforma. Men det betyr òg at ein skal by innhaldet sitt fram for alle, utan førehandsoppfatningar om at det berre vil vera gjevande for til dømes dei som er stovevarme innan litteratur. Ein skal trygt leggja til grunn at Jon Fosse sine tekstar er like mykje til for bussturisten, eller bussjåføren, som for Fosse-pilegrimen og litteraturprofessoren.

Når dette er sagt, er det nyttig å identifisera nokre hovudmålgrupper som Jon Fosse-senteret aktivt bør venda seg mot. Dette er eit verktøy i alt frå programmering til marknadsføring og planlegging av infrastruktur.

Hovudmålgrupper:

- **Lokalfolk:** Kulturinstitusjonar på den norske landsbygda har normalt lokale innbyggjarar som ei stor brukargruppe. Det har Fosse-stiftinga alt gode erfaringar med, og kan byggja vidare på dette. Strandebarm har ca. 1600 innbyggjarar, og heile Kvam herad ca. 8500. I tillegg er her ein betydeleg del fritidsbustader, både i Strandebarm og kommunen elles, og særleg Kvamskogen. Samla har dette potensial til å byggja ein god base regelmessige gjester.

²⁵ Hordaland Folkeblad 12. august 2022

- **Vestlandshovudstaden:** Strandebarm ligg mindre enn to timar frå Bergen, ein by med rundt 290 000 innbyggjarar. Bergen er heim til viktige offentlege institusjonar, og eit omfattande litteraturmiljø. I tillegg har byen eit stort og engasjert lesande publikum som kan inviterast. Dette gjev gode moglegheiter for å skapa koplingar mellom Strandebarm og kulturelle aktørar i Bergen.
- **Litteraturinteresserte og Jon Fosse-entusiastar:** Senteret vil naturlegvis trekkja til seg folk som har ekstra interesse for Jon Fosse sine verk, både nasjonalt og internasjonalt. Dette kan inkludera forfattarar, litteraturvitarar, studentar og vanlege lesarar. Dei som er brukarar og tilhengjarar av nynorsken, kan vera ei eiga spesifikk gruppe her.
- **Skular og utdanningsinstitusjonar:** Både barnehage, grunnskulen, vidaregåande, høgskular og universitet bør vera viktige målgrupper. Mange kulturinstitusjonar set barn og unge som den viktigaste gruppa å nå, og det kan vera ei aktuell vektlegging også for Jon Fosse-senteret.
- **Forfattar- og teatermiljø:** Teater, regissørar, dramaturgar, skodespelarar, forlag, forfattarar, oversetjarar – innan forfattar- og teatermiljø er det mange som kan ha ei særleg interesse i Jon Fosse sine tekstar og dramatikk.
- **Nasjonale og internasjonale forskingsmiljø:** Med den internasjonale anerkjenninga Jon Fosse har, er det relevant å retta seg mot forskarar og akademikarar frå heile verda, særleg dei som arbeider med litteratur, dramatikk og poesi. Her er det viktig at senteret definerer ein nisje, har ein tydeleg profil, og kan tilby noko som ein ikkje finn andre stader.
- **Kunst- og kulturinstitusjonar:** Jon Fosse sitt forfattarskap snor seg inn i fleire kunstnarlege kategoriar, til dømes musikk, og også eit meir ålment kulturprogram kan gjera til at senteret vil appellera til eit breiare kunst- og kulturmiljø.
- **Digitalt publikum:** Dei som ikkje har moglegheit til å koma til Strandebarm, kan nåast digitalt. Det er viktig å jobba aktivt og kreativt med denne type formidling og kommunikasjon, som ein må tru også vert viktigare og viktigare framover.
- **Turistar:** Når Jon Fosse-senteret rettar seg mot turistar, vil det vera særleg relevant å sjå til dei som kan kallast kulturturistar, altså dei som legg vekt på å oppleve kunst og kultur, historie og lokale tradisjonar. Særleg skal ein leggja vekt på å stå fram som eit interessant tilbod for dei som alt har kome til området, utan at dei nødvendigvis har kome hit for Jon Fosse-senteret sin del. Å tiltrekkja seg desse viser seg å vera ein effektiv strategi, særleg på landsbygda.

5.2 Samarbeidspartar

Forprosjektet har vore i dialog med ei mengd institusjonar og organisasjonar, som utan unntak ytrar ynskje om å samarbeida med eit Jon Fosse-senter. Det Vestnorske Teateret har lyst å vera med i festivalverksemd i Strandebarm, og utvikla vandreteater i landskapet der. Nobelprismusea i Lübeck er interesserte i ei fagleg kopling mellom Jon Fosse-senteret og deira arbeid med Thomas Mann og Günther Grass²⁶, og det same med dei norske musea som jobbar med Undset, Hamsun og Bjørnson. Norsk Forfattersentrum ynskjer å vera eit bindeledd mellom lokalt engasjement, litteraturmiljøet i Bergen, og det nasjonale forfattarmiljøet. Og litteraturbåten Epos står klar til å dela dekk med formidlarar frå senteret. Slik kan ein halda fram.

Det er òg verd å merka seg at både Nynorsk kultursentrum og Hardanger og Voss museum viser aktiv interesse for at Jon Fosse-senteret kan verta ein del av deira organisasjonar. Det er eit lovande utgangspunkt at senteret ser ut til å verta sett på som ei god signering for to så sterke konsoliderte museum.

Eit Jon Fosse-senter kan dra nytte av samarbeid på ulike nivå med fleire typar aktørar, og med enkelte bør det opprettast formalisert og forpliktande samarbeid. Breitt samarbeid kan styrka både innhaldet, formidlinga og rekkevidda til senteret. Nytteverdien vil også gå andre vegen, der senteret kan gje impulsar og kunnskap til dei ein samarbeider med.

Her er lista opp særleg aktuelle samarbeidspartnarar:

Kultur- og litteraturinstitusjonar:

• Bjørnstjerne Bjørnsons Aulestad og Sigrid Undsets Bjerkebæk (del av Lillehammer museum) • Den mangfaldige scenen • Den Nationale Scene • Det Norske Teatret • Det Vestnorske Teateret • Hamsun i Grimstad/Grimstad bys museer (del av Aust-Agder museum og arkiv) • Hamsunsenteret (del av Nordlandsmuseet) • Hardanger og Voss museum • Haugesenteret (del av Nynorsk kultursentrum) • Ibsen-museet i Grimstad (del av Aust-Agder museum og arkiv) • Jakob Sande-senter for forteljekunst • Litteraturbåten Epos • Litteraturhuset i Bergen • Litteratursymposiet i Odda • Nasjonalbiblioteket • Norsk Forfattersentrum Vestlandet • Norsk Litteraturfestival • Nynorsk kultursentrum • Nynorskhuset • Poesifestivalen i Ulvik • Samlaget • Teater Vestland • Tekstallianse

Akademiske miljø i Noreg:

• Skrivekunstakademiet • Teaterhøgskolen (del av Kunsthøgskolen i Oslo) • Universiteta, særleg Universitetet i Bergen

Lokale aktørar:

• Dialektfestivalen • Harding Puls/lokale kunstnarar • Kinck-tunet • Kunstnarhuset Messen • Kvam bibliotek • Kvam herad • Kvam mållag • Kvam næringsråd • Kvam vidaregåande skule • Senioruniversitetet • Strandebarm kyrkje • Strandebarm Sportell • Strandebarm skule • Strandebarm Ungdomslag/Haugatun • Strandebarm Utvikling

²⁶ Møte med Britta Dittmann i Buddenbrookhaus 27. juni 2024

Internasjonalt:

- Buddenbrookhaus og Günther Grass-Haus i Lübeck, og andre museum/senter for internasjonale forfattarar
- Internasjonale universitetsmiljø
- Litteraturfestivalar

Reiselivet:

- Visit Hardangerfjord
- Fjord Norway
- Hotella i Hardanger

Det vil vera nyttig å oppretta ei fagleg referansegruppe som kan vera ein ressurs både i oppbyggingsfasen av Jon Fosse-senteret og vidare. Forprosjektet føreslår desse:

- **Det Vestnorske Teateret**
- **Hardanger og Voss museum**
- **Nasjonalbiblioteket**
- **Norsk Forfattersentrum Vestlandet/Tekstallianse**
- **Nynorsk kultursentrum**
- **Universitetet i Bergen**

6. Organisering

I utviklinga av Jon Fosse-senteret skal ein gå frå ei lokal, frivillig driven verksemd utan stor økonomi, til ein profesjonell organisasjon med fleire tilsette som gjer eit arbeid på vegner av nasjonen. Den både statlege og fylkeskommunale kulturpolitikken peikar i retning av at senteret òg bør verta ein del av ein større, eksisterande organisasjon, mest truleg eit konsolidert museum – og då anten Hardanger og Voss museum eller Nynorsk kultursentrum.

I starten av rapporten var me inne på prosjektet Jon Fosse Tunet på skuletomta på Tangerås, eit stort prosjekt som fullt utbygd har ein bygningsmasse på over 3000 m² på eit 50 måls tomteareal. Å fylla dette med godt innhald og driva heile komplekset, vil krevja ein betydeleg driftsorganisasjon og tilsvarande store driftstilskot. Vender me blikket til Fosse-stiftinga sitt arbeid i dag, hovudsakleg drive i det smålåtne Fosse-huset og med eit årsbudsjett på under ein million, har me to ulike verkelegheiter framfor oss. Det leier fram til spørsmål som: Kva omfang er ønskeleg og realistisk for eit Jon Fosse-senter, i areal, organisasjon og økonomi?

Ei hjelp til å svara på dette kan finnast i å sjå på ein del senter eller museum som på ulike vis er relevante i høve Jon Fosse-senteret:

6.1 Eit blikk på andre senter og museum

Institusjonane me ser på har likskap med det ein kan sjå for seg med Jon Fosse-senteret ved at:

- Dei har same modell for driftsfinansiering som det som ligg til grunn for eit Jon Fosse-senter: delt mellom kommune, fylke og stat (der dei i all hovudsak soknar til Kultur- og likestillingsdepartementet, og rapporterer til Kulturdirektoratet)
- Dei har dels slektskap i tematikk
- Dei er alle aktive kulturaktørar i sitt område, og samtidig har dei eit oppdrag som strekker seg utover det lokale
- Dei ligg utanom dei store byane, og fleire av dei ligg i Hardanger

Aulestad, Lillehammer museum

Den historiske heimen til nobelprisvinnaren Bjørnstjerne Bjørnson (1832-1910), i Gausdal 20 minutt frå Lillehammer. Vart etablert som museum i 1934. Autentisk interiør og hage som gjev innblikk i Bjørnson sitt liv og arbeid. Omvisingar, utstillingar, eit lite servicebygg med butikk ved hovudvegen.

Tilsette	Besøktal				
	2019	2020	2021	2022	2023
Deler tilsette med Lillehammer museum 1 konservator felles med Bjerkebæk	5 253	1 645	8 965	11 789	11 030

Kjelde for tabellane: Årsmeldingane til musea

Å merka seg: Inneheld nesten berre historiske bygningar. Fagpersonale og bemanning elles vert løyst som fellesstillingar i Lillehammer museum. Har jamt høgare besøktal enn Bjerkebæk, sjølv om Bjerkebæk ligg sentralt i Lillehammer mens Aulestad ligg godt utanfor bystrøk.

Bjerkebæk, Lillehammer museum

Sigrid Undset (1882-1949) sin heim i Lillehammer, der nobelprisvinnaren skapte nokre av sine mest kjente verk. Undset-familien starta så smått med omvisingar i 1982, men opning som profesjonelt museum skjedde først i 2007. Då vart òg nytt arkitektteikna publikumsbygg på eigedomen innvigd, med mellom anna kafé, utstillingsareal og sal for arrangement. Museet har guida omvisingar i dei autentiske husa, som er omgjevne av ein vakker hage.

Tilsette	Besøktal				
	2019	2020	2021	2022	2023
Deler tilsette med Lillehammer museum 1 konservator felles med Aulestad	8 387	2 396	5 513	5 814	6 007

Å merka seg: Ein har tatt eit dristig grep med å byggja eit moderne bygg i hovudsakleg glas og betong i den historiske hagen. Men det er gjort diskré med plassering øvst på eigedomen, med

skog som skjermar mot Undset sine hus. Bygget er på 360 m², med m.a. kontor, kafé, museumsbutikk og ein aula med plass til 120 sete.

Hamsunsenteret, Nordlandsmuseet

Ligg på Hamarøy og stod ferdig til Knut Hamsun sin 150-årsdag i 2009. Er det nasjonale senteret for formidling av arven etter forfattaren og nobelprisvinnaren, og inneheld både arkitektteikna nybygg, og historiske bygg knytt til forfattaren. Det karakteristiske tårnbygget er eit blikkfang på Hamarøy.

Tilsette	Besøktal				
	2019	2020	2021	2022	2023
Ca. 8 tilsette	18 915	14 818	12 690	14 984	Ikkje oppgitt

Å merka seg: Av musea for dei tre første norske nobelprisvinnarane, er dette det største. Arkitekten Steven Holl fekk på 1990-talet oppdrag med å teikna eit senter for Knut Hamsun. Resultatet gjekk gjennom prosessar i meir enn tjue år, og vart arkitektur som framleis vekker diskusjon og debatt. Senteret, som ligg på ein liten plass, reknar sjølve bygget som ei avgjerande dragkraft.

Hardanger fartøyvernssenter, Hardanger og Voss museum

Nasjonalt fartøyvernsmuseum og museum i Norheimsund. Starta som eit ungdomstiltak i 1984, med restaurering av S/J Mathilde som prosjekt. I dag eit stort fagmiljø, som kombinerer fartøyvern og tradisjonshandverk med museumsformidling. Bygger no nytt hovudbygg med publikumsareal og kontorarbeidsplassar, finansiert m.a. med midlar frå Nasjonale kulturbygg-ordninga.

Tilsette	Besøktal				
	2019	2020	2021	2022	2023
Ca. 35 tilsette	20 183	6 855	7 323	17 208	18 860

Å merka seg: HFS viser at ein kan byggja opp ei kulturell hjørnesteinsbedrift frå grunnen på nokre få tiår. Avgjerande var det at senteret fekk ei nasjonal rolle, som eitt av tre nasjonale fartøyvernssenter. Det er med på å sikra både den faglege og økonomiske soliditeten.

Kabuso, Hardanger og Voss museum

Kunsthús bygd av Hordaland fylkeskommune som Hordaland sin tusenårsstad, opna i 2006. Galleri, kammermusikksal, administrasjon og kafé. Er avdeling i eit konsolidert museum utan å vera museum, men ein arena for temporære kunstutstillingar og konsertar.

Tilsette	Besøktal				
	2019	2020	2021	2022	2023
Ca. 7 tilsette	8 525	5 323	6 536	10 220	10 428

Å merka seg: Kabuso var eit fylkeskommunalt tiltak, i høve tusenårsskiftet. Kunsthuset er vel-drive, og held aktiviteten på eit høgt kunstfagleg nivå. Det viser at det er mogleg å reisa ein kulturinstitusjon gjennom politiske vedtak, utan at denne har grodd opp nedanfrå – sjølv om ein normalt tenkjer at dette ikkje er den ideelle måten.

Hardanger folkemuseum, Hardanger og Voss museum

Vart skipa i 1911 som det første folkemuseet i Hordaland. Historiske bygningar i museumstunet, og moderne administrasjonsbygg bygd etappevis (1976, 1987 og 2011) som inneheld utstillingslokale, kontor, magasin, storsal, kafé og verkstader.

Tilsette	Besøktal				
	2019	2020	2021	2022	2023
Ca. 11 tilsette	7 742	3 200	4 327	6 900	7 968

Å merka seg: Hardanger folkemuseum kan stå som ambassadør for den tolmodige oppbygginga av eit museum. Eldre bygg er vorte samla tiår for tiår. Første del av nytt administrasjonsbygg stod klart 65 år etter skipinga , og så gjekk det i overkant av ti år mellom dei neste byggetrinna.

Haugesenteret, Nynorsk kultursentrum

Vart opna i 2014 og har areal over to høgder i det gamle heradshuset i Ulvik. I senteret kan publikum sjå Olav H. Hauge si boksamling på 6237 band, som Hauge-stiftinga eig, og ein kan læra om Hauge sitt liv og verk gjennom utstillingar og installasjonar.

Tilsette	Besøktal				
	2019	2020	2021	2022	2023
Deler tilsette med Nynorsk kultursentrum, 4 held til i Haugesenteret	2 336	1 386	3 450	2 120	3 714

Å merka seg: I Ulvik let det seg ikkje gjera å få til museumsdrift i heimen til Olav H. Hauge. Ein etablerte Haugesenteret i 2. og 3. høgda av heradshuset som har svært god plassering ved sjøkanten i sentrum, men som byggmessig ikkje er i utgangspunktet er førsteklasse som publikumsarena. Eit døme på at det kan fungera med gjenbruk av bygg som står ledig.

Kraftmuseet

Skipa i 1988 og har avdelingar både i Odda og Tyssedal, med det freda Tyssedal kraftverk som hovudarena – og kontor i det historiske administrasjonsbygget. Har finansiering frå tre departement (Kultur- og likestillingsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Energidepartementet) og har ei nasjonal rolle innan sitt tema gjennom NVE si museumsordning,

Tilsette	Besøktal				
	2019	2020	2021	2022	2023
Ca. 17 tilsette	26 682	15 178	18 430	29 478	27 327

Å merka seg: Kraftmuseet er det klart mest besøkte museet i Hardanger. Det kan nok dels forklarast av kvaliteten i publikumstilbodet, men òg med at Odda–Tyssedal har opplevd stor auke i turismen dei siste åra, med Trolltunga som det store trekkplasteret. Her kan ein læra noko om viktigheita av å hausta av dei turistmassane som alt finst i området.

Generelt for desse åtte institusjonane kan me notera:

- Når det gjeld tal på tilsette, er det Hardanger fartøyvernsenter og Kraftmuseet som står sterkast. Desse har nasjonale roller innan sine fagfelt, noko som òg er reflektert i ikkje minst den statlege finansieringa.
- Dei tre nobelprisvinnarmusea er relativt små organisasjonar, sjølv om det ikkje er fasit på kor mange som jobbar ved Aulestad og Bjerkebæk sidan dei deler tilsette med andre avdelingar i Lillehammer museum. Hamsunsenteret er uansett staden som har størst stab, med åtte tilsette.
- Besøkstala i 2023 varierer frå knapt 4000 i Hugesenteret til vel 27 000 i Kraftmuseet. Me snakkar dermed ikkje om besøkstal som ein kan finna i museum i byane eller besøksstader som er direkte knytte til cruiseturisme.
- Me kan ana at det å byggja opp eit museum eller liknande oftast tek lang tid og krev tolmod – men det finst unntak, som i tilfellet Kabuso.

6.2 Fysiske tiltak, areal og lokale

I kapittelet om kva funksjonar og innhald eit Jon Fosse-senter kan ha, kom me inn på ein del av dei fysiske behova som høyrer med. Me skal sjå meir på det no, og startar med eit overblikk på kva som alt finst.

Fosse-huset

Det einaste bygget Fosse-stiftinga eig i dag. Første etasje har inngangsparti, toalett, eit lite kjøken og eit større rom som vert brukt til utstillingar m.m. Dette rommet innfrir ikkje det ein normalt ynskjer av eit utstillingslokale. Det er ikkje høgt under taket, har ikkje profesjonell lyssetting og ikkje stor grad av sikring og klimakontroll. Det er likevel eit rom som kan brukast til ein del type utstillingar eller andre publikumstilbod, eventuelt gjerast om til magasin eller kontor.

Andre etasje har i hovudsak eit rom som vert brukt til butikk/lobby, og sjølv bedehussalen som har rundt hundre sitjeplassar. Dette er eit lokale med ekstraordinære kvalitetar, både i form av gode lydtilhøve for akustisk musikk og ein særskilt estetikk og atmosfære.

Bygget er ikkje godt nok tilrettelagt når det gjeld universell utforming, og har relativt få parkeringsplassar. Det er likevel absolutt eit bygg å satsa på i eit Jon Fosse-senter. Huset bygger opp under fleire av føremåla med senteret. Ein kjem nært innpå forfattaren her, og det nøkterne og stillslege ved bygget må seiast å vera i Jon Fosse si ånd.

I bakkant av Fosse-huset, ligg eit arkitektteikna bustadhus som ikkje er i bruk, og som Fosse-stiftinga oppgjer å ha fått tilbod om å overta. Dette ville kunna utvida kapasiteten og moglegheitene her, men treng både renovering og tilpassing til ny bruk.

Myra

Barndomsheimen til Jon Fosse like bortanfor Fosse-huset. Det føregår prosess for at eigedomen skal verta overteken av Fosse-stiftinga. Einebustaden Jon Fosse budde i er sett opp i 1935, huset til besteforeldra 1898, mens det er ukjent byggeår for løe, naust og støl. Sum areal for alle bygga er 566 m². Tomta rundt bygga er på 2,8 dekar, og totalt areal for heile eigedomen er vel 120 dekar. Fleire av bygga har behov for vedlikehald og utskiftingar.

Når ein ser det vesle gardstunet nedfrå bilvegen, ser det unnsleg og svært vanleg ut. Men det er altså ikkje eit vanleg vestlandstun, det er der Jon Fosse voks opp. Slik har det ein liknande verdi som Bjørnson sitt Aulestad og Undset sitt Bjerkebæk, sjølv om dei eigedomane ser gjevare ut. Hovudhusa på både Aulestad og Bjerkebæk er freda og eigde av staten, og logisk sett burde det same kunna skje med Myra.

Bruken av Myra må ta utgangspunkt i at her har ein noko svært eksklusivt og verdfullt. Først skal ein tenkja profesjonell samlingsforvaltning, dernest planlegging, så bruk. Og då burde moglegheitene vera mange for denne eigedomen, med to bustadhus, løe, naust og støl. Det er naturleg å tenkja formidling basert på Jon Fosse sin biografi i huset han og familien budde. Men bygga skulle gje rom for ein heil del aktivitetar. Ein kan vurdere gjestekunstnarfunksjonar, utstillingar, kontor, intimsceen, m.m.

Fosse-loftet

Andre høgda i eit av sjøhusa i Strandebarm Marina er gjort tilgjengeleg for Fosse-stiftinga sitt arbeid. Flott utsikt ut over fjorden. Anvendeleg som møterom, lager, eller arbeidsrom for gjestefattarar eller forskarar o.l.

Ungdomshuset Haugatun

Dette freda bygget er ungdomslaget sitt, men har vore brukt som arena for Fosse-stiftinga ved enkelte høve. Ein har opplevd det tungvint å ha teaterforestillingar her, og også at scenen er for liten. På den andre sida har det å sjå eit Fosse-drama her ein stor tilleggsverdi sett opp mot det å sitja i eit av dei tradisjonelle teatera i byane. Det treff nokre av føremåla med Jon Fosse-senteret å bruka lokale, autentiske bygg som dette.

Andre lokale arenaer

Fosse-stiftinga har også hatt tilskipingar idrettshallen, Kinck-tunet, Eikeneset Herregaard, m.m. Det er sjølv sagt ekstraarbeid med å rigga seg til stadig nye stader, og eit minus at desse ofte ikkje er tilpassa føremålet. Kanskje er det likevel eit tap om ein skulle slutta å bruka bygda sine ulike moglegheiter på denne måten, og slik involvera bygda.

-

Det er altså ikkje slik at det ikkje alt finst spelerom, bokstavleg tala, for eit Jon Fosse-senter i Strandebarm. Og me har ikkje nemnt bakkane og liene og strendene, altså heile landskapet sjølv, som kan vera arena for ulike typar aktivitetar og arrangement.

Ynskte tiltak og lokale

For å levera som det nasjonale senteret for formidling av Jon Fosse sitt forfattarskap, trengst meir. Ein arena for teater er det som oftast vert nemnt, men normalt vil ein for eit senter som dette ha nytte av eit hovudbygg som inneheld fleire funksjonar. Dette kan ha svært ulike dimensjonar. I forprosjekt for Hamsun-museum i Grimstad er det stipulert eit totalt arealbehov på 660 m², der ein planlegg eit nybygg på 380 m² attmed eksisterande bygg på 280 m².²⁷ Når ein no er i gang med arkitektkonkurranse for nytt visningssenter ved Astruptunet, ser ein føre seg eit bygg på rundt 3-400 m². Her har ein moderert seg frå ein tidlegare plan, der ein ynskte eit langt større bygg.²⁸

Svært mange innspel frå kulturinstitusjonar til forprosjektet, manar til nøkternheit. Ein erfarer at store anlegg er krevjande å driva, mannskapsmessig og økonomisk. Ein må vurdere nøye kva som trengst i eit Jon Fosse-senter, og rekna på kva som er realistisk. Dette er ein prosess som må halda fram etter forprosjektet, men det er grunnlag for å koma med nokre vurderingar også no.

Teaterarena

Dette er det mest etterspurde lokalet frå Fosse-stiftinga si side. Ein ynskjer ein permanent arena som kan visa eit mangfald av teaterproduksjonar, og stiftinga nemner 200 som ein ynskt publikumskapasitet.

Ein må ha i mente at teater er av dei dyraste kunstformene å driva med. Når Ibsen-museet i Grimstad har valt å ikkje satsa på teater i arbeidet med Ibsen, handlar det mykje om at det er så krevjande økonomisk.²⁹

Det er viktig at Jon Fosse-senteret ikkje tek seg vatn over hovudet på dette området. Ein bør leggja seg på ei linje der ein primært får på plass *fasilitetar* for teaterproduksjon, og ikkje tenkjer at ein skal vera ein teaterinstitusjon med jamn teaterdrift. Teatersjef på Den Nationale Scene, Solrun Toft Iversen, rår til at ein tenkjer eit relativt enkelt rom, t.d. ein black box, som har ein god lysrigg. Målet bør vera å ha eit lokale som kan ta i mot ferdige produksjonar frå dei profesjonelle teatera, og det vil alltid finnast rikeleg med slike produksjonar som er aktuelle.³⁰ Både Toft Iversen og teatersjef ved Det Vestnorske Teateret, Thomas Bye, meiner at fleksibilitet må vera eit nøkkelord. Dei fleste av dagane i året vil det ikkje føregå teater i teaterlokalet, og difor er det viktig at det er lagt til rette for og tilgjengeleg for andre aktivitetar. Ein bør også tenkja utandørs teater. Det Vestnorske Teateret poengterer at ein black box er lik over heile verda, og at det kan vera

²⁷ Rapport: Forprosjekt for Hamsun-museum i Grimstad, 2019

²⁸ Samtale med leiar i Astruptunet Solveig Berg Lofnes 9. september 2024

²⁹ Samtale 4. juni 2024

³⁰ Samtale 13. juni 2024

riktig for eit Jon Fosse-senter å også satsa på stadspesifikke oppsettingar, t.d. i naust, privathus, båtar på fjorden.³¹

Ein bør utvisa nøkternheit når ein planlegg teaterlokalitetar. I Kabuso i Øystese sin konsertsal er det 144 faste sete. Stundom er denne utseld, men oftast ikkje. Jon Fosse-senteret bør dimensjonera for ein realistisk gjennomsnittsbruk, og ikkje for dei meir sjeldne toppunkta.

Utstillingsareal

Det bør vera opp til ein framtidig driftsorganisasjon å vekta i kor stor grad ein skal ha utstillingar som verkemiddel. Ein kan fint sjå for deg at arbeidet med å formidla Jon Fosse utan omfattande bruk av utstillingsformatet, ikkje minst om ein held fast i tanken om at det som kan fortelja best, er heimen, landskapet, Strandebarm sjølv.

Noko utstillingsrom har ein allereie, i Fosse-huset og kanskje i Myra. Likevel verkar det fornuftig å ha det ein kan kalla fleksible utstillingsareal på lista over det ein treng i framtida. Igjen kan ein gløtta til Kabuso, der utstillingsdelen er på ca. 200 m².

Båtar på fjorden

Å ta fjorden konkret i bruk, bør vera ein sentral funksjon i Jon Fosse-senteret. Ein bør kunna setja seg i ein strandebarmar og ro utpå, og på denne måten koma nærmare inn på det Jon Fosse skriv om. Ein kan også knyta til seg og nytta større fartøy for å kunna ha arrangement på fjorden. Her er særleg litteraturbåten Epos nemnt som ein aktuell samarbeidspartnar, kanskje til og med noko som kan verta ein fast del av senteret. Med eit slikt fartøy vil ein òg kunna knyta seg til Bergen sjøvegen.

Kafé og butikk

Dette er eit svakt punkt i dag, med svært enkel kafé- og butikkdrift i Fosse-huset. Det er nærliggande å tenkja at ei skikkeleg oppgradering av dette tilbodet først kan skje i eit nytt hovudbygg. Men det vil vera klokt om ein kan få til eit utvida kafé- og butikktilbod også før eller utanom dette, i tilknytning til Fosse-huset eller Myra. Den tilgjengelege eigedomen bak Fosse-huset kan vera noko å vurdere her.

Toalett og garderobe

Det ein har av slikt i dag, er tilpassa dei lokala ein har i Fosse-huset. Ein kan ha ein liknande ambisjon ved tilrettelegginga av Myra, med vekt på universell tilrettelegging. Ved ei sterkare satsing på kafé og butikk, må ein passa på å prioritera toalett og garderobe høgt.

Gjesteresidens

Ein kan tenkja at det å ta i mot gjestande kunstnarar, studentar, forskarar, kan vera ein vesentleg del av drifta i eit Jon Fosse-senter. Det er likevel slik at det finst ei rekkje slike tilbod i Noreg, og stundom er ikkje tilstrøyminga så stor som ein tenkte. Det me likevel ikkje veit er: kor mykje trekjer Jon Fosse og Strandebarm?

³¹ Samtale med teatersjef Thomas Bye og dramaturg Aslak Moe 12. august 2024

Det er fornuftig å gå roleg fram på dette punktet, og i første omgang få på plass éi bueining for gjester. Kanskje vil det vera riktig å prioritera dette i Myra, noko som i tilfelle vil gje ein ekstra attraktivitet.

Bibliotek og magasin

Dette er funksjonar ein naturleg vil tenkja inn i eit nytt hovudbygg, men det er òg noko som kan leggjast til eksterne lokale. Ein bibliotekfunksjon kan organiserast saman med Kvam bibliotek sin filial i Strandebarm, i deira lokale. Og magasin er noko som kan leggjast til leigde lokale.

Kontorplassar

Her kjem det an på kor mange tilsette og kor mange gjester ein skal ta høgd for. På kort sikt bør ein rigga til 2-3 kontorplassar i lokala ein har tilgang på. På tidspunktet eit nytt hovudbygg kan ta-kast i bruk, vil organisasjonen nødvendigvis ha ein del tilsette. For å finna eit tal på kor mange kontorplassar ein bør planlegga, kan ein igjen sjå til Kabuso som har sju tilsette, eller Haugesen-teret som har fire. Og så bør ein leggja opp til å ha gjestekontorplassar i tillegg.

Parkering – trafikk

Parkering er ei utfordring i dag ved Fosse-huset, med for liten kapasitet på parkeringsplassen ved huset. Det same kan seiast for Myra sin del. Dette er noko å sjå på framover, og gjerne i ein større samanheng med ein logistikk som syr saman ulike arenaer, også eit eventuelt nytt hovudbygg.

Gjennom forprosjektet har fleire gjort merksam på at krysset ved tunellen like ved Myra er trafikk-farleg i dag, og at dette vil forverra seg ved auka aktivitet i Myra. At krysset er trafikkfarleg no, skulle vera grunn god nok til å ta tak i situasjonen frå samferdslesida. Ein lyt også rekna med at det uansett vert større frekvens av ikkje minst mjuke trafikantar i området, når Fosse-stiftinga overtek Myra og tek eigedomen i bruk i publikumssamanheng. Dette er ei sak som bør adresse-rast til samferdslestyresmaktene.

6.3 Namn og profil

Forprosjektet nyttar nemninga Jon Fosse-senteret, som er det som er brukt i Vestland fylkes-kommune si sak som sette i gang forprosjektet. I lufta er òg ei anna nemning: Jon Fosse Tunet, namnet som er gjeve på skuletomt-konseptet på Tangerås.

Slik føremåla med Jon Fosse-tunet er skildra her, legg ein stor vekt på at det ein fokuserer på og arbeider med også er landskapet, naustet, fjorden, stølen – kulturmiljøet i eit større område med Fosse i kjernen. Namn som *senter* og *tun* treff ikkje godt i høve dette, det kan verka innskren-kande. Det er svært viktig å ha eit godt og treffande namn, og i eit senter som handlar om Jon Fosse må det òg fungera internasjonalt. Forprosjektet rår difor til at ein set i gang ein eigen pro-sess for namn og profilering av senteret.

6.4 Organisasjons- og driftsform

Fosse-stiftinga er innstilt på at det raskt må skje ei organisasjonsutvikling, med nytt styre og bygging av ein organisasjon med fast tilsette.

Organisasjonsforma som alt er i bruk, ei stifting, er i utgangspunktet den mest høvelege også for eit profesjonelt drive senter. Jon Fosse-senteret skal ikkje drivast ut frå økonomiske føremål, men føremål av ein kulturell/ideell/samfunnsbyggande karakter. I slike tilfelle vel ein ofte stiftingsforma. Ei slik har ingen eigarar og heller ikkje medlemmer med eigne rettar i organisasjonen. Det betyr at stiftinga er eit sjølveigande rettssubjekt.

I ein slik organisasjon er den viktigaste oppgåva å gjennomføra føremålet. Dei som sit i styret skal der berre representera stiftinga og ha stiftinga sitt beste for auga. I styresamenheng skal eksempelvis ein styrerepresentant henta frå kommunen ta av seg kommunehaten og på Jon Fosse-senteret-hatten. Alle vedtak som vert fatta i stiftinga, må vera i føremålet si interesse.

Det er korkje nødvendig eller openbert gunstig at det er stiftarane eller dei største økonomiske bidragsytarane som har dei fleste styreplassane. Ved å ha flest mogleg «frie» styreplassar, er det lettare å sørga for at styret har sterkast mogleg relevant kompetanse. Likevel kan det vera naturleg at både Kvam herad, Vestland fylkeskommune og staten har faste styreplassar.

Som nemnt tidlegare, tilseier både statleg og fylkeskommunal kulturpolitikk at senteret på eit tidspunkt bør verta del av ein større, eksisterande organisasjon. Stiftinga kan for så vidt ikkje tvingast til dette, men det offentlege kan setja det som vilkår knytt til driftstilskota som vil vera heilt avgjerande for senteret å ha. Hardanger og Voss museum eller Nynorsk kultursentrum er dei mest aktuelle organisasjonane å gå til.

Fosse-stiftinga sjølv har eit sterkt ynskje om at ein ikkje går fort fram med konsolidering. Ein ynskjer at Jon Fosse-senteret skal finna si form og sin identitet først. Ein kan argumentera mot dette, og peika på at om ein stor og sterk organisasjon så raskt som mogleg kom inn i arbeidet i Strandebarm, så ville arbeidet framover gå raskare. Ein stod i ein annan posisjon når det gjeld rekruttering av medarbeidarar, og mykje av rutinar og system ville vera på plass. Kanskje ville ein nå ulike mål raskare.

Uansett ligg nok ei konsolidering litt fram i tid. Normalt vil ikkje eit konsolidert museum ta inn ei verksemd som ikkje har det økonomiske driftsfundamentet på plass. Der er ikkje Jon Fosse-senteret enno, men signala frå det offentleg tyder på at det vil koma. Difor bør stiftinga vera aktiv i høve dette temaet, og ha det på agendaen særleg overfor Vestland fylkeskommune og dei to aktuelle partnarane: Hardanger og Voss museum og Nynorsk kultursentrum.

Kort om dei to museumsorganisasjonane:

Hardanger og Voss museum

Hardanger og Voss museum vart skipa 17. januar 2006 som ei konsolidering av fleire etablerte museum i regionen: Hardanger fartøyvernssenter, Kunsthuset Kabuso, Hardanger folkemuseum, Agatunet, Voss folkemuseum, Granvin bygdemuseum, Skredhaugen, Storeteigen bygdetun, Borgstova i Vikøy.

Museet omtalar seg slik på heimesidene sine:

Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid. Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal museet vera med på å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, regionalt og internasjonalt.

Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vera ein open møtestad der alle er velkomne til å studera, oppleva og finna utfordringar. Museet ytt fagleg hjelp i museums- og kulturminnespørsmål til kommunar og frivillige i regionen.³²

Museet utførte knapt 70 årsverk i 2023, med totalt 199 personar på lønnslista. Hovudadministrasjonen er på Hardanger fartøyvernssenter i Norheimsund.

I eit brev til forprosjektet peikar direktør Åsmund Kristiansen i Hardanger og Voss museum på at den solide organisasjonen til museet vil vera ein ressurs for Jon Fosse-senteret, også ved at administrasjonen ligg så nært som i Norheimsund. «Fagmiljøet ved Fosse-senteret vil truleg kunne bli meir robust og betre ved å ha nærleik til felles kollegium», skriv Kristiansen, og legg vekt på at Hardanger og Voss museum samarbeider godt med lokale initiativ og frivillig sektor. Notatet set opp nokre konkrete punkt til:

«- Kunsthuset Kabuso har etablert fleire funksjonar som vil bli naudsynt å etablere i eit Fosse-senter, slik som lyd- og lysteknikk. Kabuso sin stab har generelt høg kompetanse på ulike typar produksjonar innan samtidskunst i fleire genre.

- Marknadsføring mot eit lokal og regionalt publikum er godt etablert i HVM. Marknadsføring mot internasjonal marknad er etablert m.a. gjennom deltaking på reiselivsmesser og regionale destinasjonsselskap.

- Kulturmiljøet knytt til barndomsheimen og naustmiljøet består av bustadhuset, løe, “gamlastove”, naust og støl. Dette miljøet må takast vare på slik at det vert ein viktig del av dokumentasjonen og formidlinga av Fosse sitt liv. HVM har kompetanse på forvalting av materiell kulturarv og kulturmiljø.

- Båten og naustet er ein viktig del av kulturmiljøet på Fosse, der HVM har spisskompetanse.

³² www.hardangerogvossmuseum.no

- HVM har fersk erfaring i å prosjektere, finansiere og bygge opp eit nasjonalt og regionalt kulturbygg.»³³

På grunn av sin fysiske nærleik til Strandebarm og sin kunnskap og erfaring med å driva museum og kulturinstitusjonar i Hardanger, også innan kunstfeltet, må Hardanger og Voss museum vera ein svært viktig samarbeidspart med eit Jon Fosse-senter, anten det vert konsolidering her eller ikkje – i utviklingsfasen og på lang sikt.

Nynorsk kultursentrum

Stiftinga Nynorsk kultursentrum vart grunnlagd 30. august 1993 under namnet Ivar Aasen-stiftinga, men skifta namn i 1998. 24 fylke, kommunar, utdanningsinstitusjonar og organisasjonar står bak stiftinga, som har hovudkontor i Ørsta.

Museet omtalar seg slik på heimesidene sine:

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, er ein kulturinstitusjon som gjennom vitenskap og kunst arbeider for ein kulturell fellesskap i Noreg der det språklege mangfaldet er sjølvstendig.

Vi har over 25 tilsette som arbeider frå Haugesenteret i Ulvik, Vinjesenteret i Vinje og Aasentunet i Ørsta, mange samarbeidspartnarar i heile landet og når om lag 100 kommunar i heile landet med arrangement og utstillingar kvart år. Våre kjerneoppgåver er forskning, samling og dokumentasjon og formidling på arenaene våre, turnear og digitalt.³⁴

Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga driva vitenskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.

I e-post til forprosjektet skriv direktør Olav Øyehaug Opsvik at det bør koma fram at Nynorsk kultursentrum:

(...) allereie tek eit særskild nasjonalt ansvar for formidling av liv og virke til Ivar Aasen, Aasmund Olavsson Vinje, Olav H. Hauge, Halldis Moren Vesaas, Tarjei Vesaas og Aslaug Vaa og at vi driv med litteraturformidling i stort for alle alders- og målgrupper gjennom festivalar, aktivitet i skulane, digitalt og på andre turnear

Han framhevar òg at Nynorsk kultursentrum har vore gjennom liknande prosessar som ved etablering av eit Jon Fosse-senter to gongar dei siste 10-15 åra, og fungerer i nettverk med andre litteraturmuseum, litteraturfestivalar og meir. Nynorsk kultursentrum var først ute med å greia ut Fosse-arkivet og ei mogleg plassering i Strandebarm, og fram til det blei overført til Nasjonalbiblioteket var det Nynorsk kultursentrum som hadde Fosse-arkivet i Aasentunet. «Vi har også lang

³³ Brev frå Hardanger og Voss museum 13. september 2024

³⁴ www.nynorsk.no

erfaring med å formidle Fosse i mange ulike samanhengar, inkludert ei mykje brukt vandrestilling som har vore på reise også i år», skriv Olav Øyehaug Opsvik.³⁵

Nynorsk kultursentrum har openbert har mykje å tilføra eit Jon Fosse-senter, og vice versa. Ein kan sei det same som ved Hardanger og Voss museum – anten det vert konsolidering her eller ikkje, vil Nynorsk kultursentrum vera ein svært viktig samarbeidspart med eit Jon Fosse-senter, både i utviklingsperioden og seinare.

6.5 Finansiering

Der me er i dag vil det vera prematurt å setja opp kalkylar for både investeringar og drift av eit fullskala Jon Fosse-senter. Som det har gått fram, kan prosjektet framleis ta ulike retningar. Ein kan gå for eit omfattande anlegg med ein stor driftsorganisasjon som føreset betydelege driftstilskot, eller ein kan gå ein meir nøktern veg. Dette må greiast vidare ut, før ein kan seia kva som trengst av investeringar, og korleis finansieringa kan løysast.

Ein bør ha med seg dette: Om Jon Fosse-senteret skal investera betydeleg i eit hovudbygg, anten nybygg eller renovering/ombygging, er det Nasjonale kulturbygg som er tilskotsordninga som gjeld om staten skal vera med i finansieringa. Det er nyttig å notera seg korleis den er innretta, og litt om kva som krevst:

Tilskuddene til nasjonale kulturbygg skal bidra til bygninger og lokaler for institusjoner og tiltak som har en nasjonal oppgave, en landsomfattende funksjon eller en viktig landsdelsfunksjon.

I behandlingen av søknader om tilskudd blir det krevd redegjørelse for hvordan tiltaket ivaretar formålene, det kulturfaglige grunnlaget for byggeprosjektet, samarbeidet med andre institusjoner som ivaretar formålet, og eventuelle aktiviteter ut over hovedformålet.

Hovedregelen er at den maksimale statlige tilskuddsandelen er 1/3 av den delen av prosjektet som er i samsvar med målene for kap. 322, post 70 Nasjonale kulturbygg. Det vil være en fordel at øvrig finansiering er bekreftet i form av bindende tilsagn fra andre tilskuddsytere.

Søknader om tilskudd skal redegjøre for eieransvar og driftsfinansiering. Nye institusjoner skal i tillegg redegjøre for styring og organisering. Gjennomførings- og fullfinansieringsansvaret skal være dokumentert.³⁶

Ved utviklinga av ein kulturinstitusjon, skal ein vera meir oppteken av driftsfinansieringa enn finansiering av byggeprosjekt. Det som ligg til grunn for Jon Fosse-senteret sin del, er at senteret vil henta driftsfinansieringa si hovudsakleg frå det offentlege. Normalt utgjør dette 60-75% av dei totale inntektene i norske museum. I utgangspunktet bør ein rekna med at staten yter over 50%

³⁵ E-post frå Olav Øyehaug Opsvik 30. september 2024

³⁶ <https://www.regjeringen.no/no/dep/kud/tilskudd/tilskudd-til-nasjonale-kulturbygg-og-tus/id86015/>

av dei offentlege driftstilskota, og at fylkeskommunen og kommunen matchar kvarandre i dekinga av resten. Ei slik samfinansiering finst i ei rekkje kunst- og kulturinstitusjonar. I mange tilfelle er dei ikkje avtalefesta, men nokre (fem i Vestland) har «romartalsvedtak» i Stortinget, dvs. ei avtalefesta fordeling mellom stat og region der staten sin del stort sett er 70%.

Vanlegvis tek det lang tid å oppnå fast driftstilskot over statsbudsjettet – sjølv om ein kan ha ambisjon om at Jon Fosse-senteret kan ha ein relativt rask veg fram, gitt dei signala som er kome frå alle politiske nivå.

Truleg er det nødvendig for Jon Fosse-senteret å gå dei neste skritt utan fast statleg driftsstøtte, og tilpassa aktivitetane deretter. Slik det går fram av neste kapittel, er det naturleg at vegen vidare går gjennom eit hovudprosjekt, og at det økonomiske arbeidet først handlar om å finansiera dette prosjektet (sjå finansieringsplan i neste kapittel). Vestland fylkeskommune har frå side sagt at fylkeskommunen må vera budd på å ta eit større økonomisk ansvar for eit evt. hovudprosjekt.³⁷

Omframnt dette må det skaffast finansiering av Fosse-stiftinga si overtaking av Myra.

7. Vegen vidare

Forprosjektet legg opp til at ein ikkje skal forhasta seg på vegen vidare. Resultatet vert oftast best når ein planlegg grundig og godt over lengre tid. Nye moment kan koma inn, og planane vert justerte til det betre. Ein kan møte motstand, og planane vert skjerpa av det. Dette har kulturlivet mykje erfaringar med. Skrivekunstakademiet seier: «Det er lurt å tenkja langsiktig, og ha bremseane på. Ein skal i det heile tenkja seg godt om kva ein vil.» Jakob Sande-senteret ytrar det same meir poetisk: «Det gjeld å skunda seg sakte».

Når det gjeld å reisa større kulturtiltak er ein vanleg gang i prosessen å først ha eit forprosjekt, så eit hovudprosjekt, og så kjem driftsfasen. I si sak frå mai 2024 ber Vestland fylkeskommune om «Tilråding for vegen vidare (hovudprosjekt)». Forprosjektet er samd med fylkeskommunen i at det som no må koma, er nettopp eit hovudprosjekt. Det skal gå djupare inn i spørsmåla knytte til ein bygningsmessig og organisatorisk ekspansjon, men samtidig føra vidare og utvikla Fosse-stiftinga sine aktivitetar.

Om finansieringa kjem på plass, er januar 2025 til desember 2027 naturleg periode for hovudprosjektet. Det føreset òg at Fosse-stiftinga sender dei nødvendige søknadene, og dreg prosjektet i gang.

³⁷ Sak 2023/82951 Vestland fylkeskommune

7.1 Første steg: 3-årig hovudprosjekt

Ei profesjonalisering av den drifta som i dag vert utført frivillig, er heilt avgjerande for utviklinga vidare. Om eit Jon Fosse-senter skal prioriterast, ikkje minst frå staten si side, må tiltaket ha ein profesjonell og berekraftig organisasjon.

På den eine sida er det ein akutt trong for å auka personalressursane til den daglege drifta. Fosse-stiftinga sjølv er tydeleg på at dette må skje, før folk slit seg ut. I tillegg trengst mannskap til utviklingsarbeidet. Ved å starta bygginga av ein liten organisasjon med faste tilsette, vil ein òg ha høve til å utvida drifta – både den synlege som handlar om arrangement og anna publikumsarbeid, og den meir skjulte som handlar om søknader, rapportering, planarbeid, HMS, osv. Hovudprosjektet har altså ein dagleg drift-funksjon, og denne må ha realistiske planar som kan landast når finansieringa er på plass. I den dagleg drift-delen av hovudprosjektet, er det avgjerande å ha med seg frivilligheita.

I hovudprosjektet må ein rekna med at dagleg drift går hand i hand med utvikling av Jon Fosse-senteret. Det er meininga at denne forprosjektrapporten skal vera eit nyttig verktøy i det arbeidet, og ein basis for hovudprosjektet i det å spesifisera gode og realistiske planar for utvikling og drift av senteret. Det ligg òg til hovudprosjektet å greia ut, konkludera i, og eventuelt setja i gang nokre større prosessar. Bygningsmessig utviding og konsolidering er dei tydelegaste, men oppretting av formalisert samarbeid med andre fagmiljø og organisasjonar, er døme på andre viktige oppgåver.

Forutan dagleg drift, er dette viktige oppgåver for hovudprosjektet:

1. Organisasjonsbygging

- Få på plass nye vedtekter og nytt styre
- Avklara innhald og mandat i prosjektperioden, og overgangen til permanent drift
- Avklara organisering og driftsmodell
- Utarbeida planverk
- Samlingsforvaltning (oversikt over samlingane, registrering/digitalisering, sikring)
- Samarbeid lokalt, oppretta samarbeid og eventuelle avtalar
- Fagsamarbeid evt. inkl. forskning, oppretta samarbeid og eventuelle avtalar
- Namn og profilering, eit eige delprosjekt for dette
- Finansiering (av tiltak i eller etter prosjektperioden, og permanent driftsfinansiering)

2. Få hand om Myra

- Registrering
- Planlegging
- Istandsetting
- Tilrettelegging (universell utforming)
- Sikring
- Utvikling av innhald, publikumstilbod

3. Vidareutvikla Fosse-huset

- Samlingsforvaltning, sikring

- Planlegging
- Tilrettelegging (universell utforming)
- Utstilling

4. Analysera og ta i bruk landskapet/fjorden

- Finna korleis ein kan nytta landskapet og fjorden breitt i formidlingssamanheng
- Utvikla nye publikumstilbod i landskapet
- Ta særleg fjorden i bruk, og få i stand eit fast opplegg med litteraturbåten Epos

5. Utviding (hovudbygg)

- Utgreiing av alternativ
- Val av alternativ
- Prosjektskisse for valt alternativ
- Arbeid med finansiering

Under er ein kostnadsplan med finansiering for hovudprosjektet. Her er ikkje med utgiftene ved overtaking av Myra. Finansiering av denne handelen kjem i tillegg.

Kostnadsplan	2025	2026	2027	Sum post
Løn prosjektleiar 100%	1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
Løn formidling/drift 100%	820 000	820 000	820 000	2 460 000
Løn 1-2 medarbeidarar tot. 100%		820 000	820 000	1 640 000
Løn sommarvertskap	80 000	80 000	80 000	240 000
Istandsetting - vedlikehald	250 000	250 000	250 000	750 000
Tilrettelegging Myra	200 000	200 000	200 000	600 000
Plan/prosjektering bygg	50 000	50 000	50 000	150 000
Arrangement	500 000	500 000	500 000	1 500 000
Kostnader lokale inkl. straum	80 000	80 000	80 000	240 000
Forbruksmateriell	40 000	40 000	40 000	120 000
Varekostnad	200 000	200 000	200 000	600 000
Leige datasystem	10 000	10 000	10 000	30 000
Internett, data- og telekomm.	20 000	20 000	20 000	60 000
Grafisk profil	70 000			70 000
Nye heimesider	70 000			70 000
Marknadsføring	60 000	60 000	60 000	180 000
Møte, kurs, bøker, tidsskrift	30 000	30 000	30 000	90 000
Reise	40 000	40 000	40 000	120 000
Revisjonshonorar	30 000	30 000	30 000	90 000
Styrehonorar	60 000	60 000	60 000	180 000
Rapport, plandokument			100 000	100 000
Diverse	200 000	200 000	200 000	600 000
Totalt	3 810 000	4 490 000	4 590 000	12 890 000
Finansieringsplan				
Salsinntekter	600 000	700 000	800 000	2 100 000
Sponsorinntekter, gaver	510 000	510 000	510 000	1 530 000
Kvam herad	900 000	900 000	900 000	2 700 000
Vestland fylkeskommune	900 000	900 000	900 000	2 700 000
Staten	900 000	1 480 000	1 480 000	3 860 000
Totalt	3 810 000	4 490 000	4 590 000	12 890 000

7.2 Andre steg: Driftsfase med vidare ekspansjon

Mykje talar for at Jon Fosse-senteret treng ein større arena, og denne må koma anten ved å ta i bruk eksisterande bygningsmasse eller byggja nytt. Det er ikkje noko i vegen for å gå i gang med ekspansjon alt i hovudprosjektfasen, om eit valt prosjekt er grundig utgreidd og finansiert. I utgangspunktet er det likevel naturleg å tenkja dette steget etter prosjektperioden. Det er normalt at det går nokre år før store utviklingsprosjekt på kulturfeltet er mogne for realisering.

20. oktober 2023 sende Fosse-stiftinga ut pressemelding om at styret hadde vedteke å byggja ut det som ber namnet Jon Fosse Tunet, på den kring 50 mål store skuletomta på Tangerås, ved gjenbruk av dei fråflytta skulebygga der. Pressemeldinga seier at stiftinga har vurdert ulike plasseringar, og kome fram til at dette er den beste.³⁸

I Kvam herad sitt vedtak 1. februar 2024 i saka «Fosse-senter. Vidare arbeid» står det: «Området på Tangerås der gamle ungdoms- og barneskulen ligg er peika ut av Fosse-stiftinga som det mest eigna. Kvam herad ser positivt på denne plasseringa.» Vestland fylkeskommune støtta seinare dette vedtaket. Begge partar har understreka at den positive haldninga ikkje betyr at ein har konkludert i favør skuletomta, men at òg andre alternativ må vurderast. Både Kvam-ordførar Torgeir Næss og direktør for kultur og folkehelse i Vestland fylkeskommune, Per Morten Ekerhovd, var tydelege på dette i det opne møtet i Strandebarm 31. august 2024.

Fosse-stiftinga har gjennom forprosjektperioden halde fast ved innstillinga si om at skuletomta er den rette staden for eit Jon Fosse-senter, og viser også til at eit stort fleirtal i bygda ynskjer at senteret skal vera på skuletomta. Dei fleste lesarinnlegg i Hordaland Folkeblad frå lokalfolk i Strandebarm argumenterer for skuletomta, og også skriftlege innspel til forprosjektet. Same biletet synte seg i det opne møtet i Fosse-huset. Dei fleste som reiste seg og tok ordet, talte for ei plassering i dei gamle skulebygga på Tangerås. Berre nokre få Strandebarm-røyster talte i mot.

Forprosjektet tek inn over seg at lokalsamfunnet Strandebarm har ei tydeleg slagside i retning av å realisera konseptet Jon Fosse Tunet på skuletomta, og at engasjementet for dette er betydeleg.

Det er mest i møte med kulturaktørar utanfor Strandebarm at innvendingane kjem, og ei vesentleg er at ein har konkludert med skuletomtprosjektet utan ei føregåande kartlegging av føremål og behov. Ein har slik sett starta i feil endre, og også landa på eit prosjekt som er svært stort i areal. Fleire aktørar som driv kulturinstitusjonar uttrykker bekymring over kostnadene med å driva eit slikt anlegg, og også om det er realistisk å fylla det med godt innhald. Det vert òg peika på at bygga er utforma for andre føremål enn det eit Jon Fosse-senter skal ha, og at ein sjølv etter kostbare justeringar truleg vil sitja att med bygg som er mindre funksjonelle og lett drivne enn om ein byggjer nytt.

Fosse-stiftinga møter slike innvendingar mellom anna med at det er råd å berre nytta eine av dei to bygga, og også å riva dagens bygg og byggja nytt på staden. Dette er sjølv sagt mogeleg, men det forsterkar ei anna bekymring: Er skuletomta generelt ei god beliggenheit for eit senter?

Fosse-stiftinga meiner at det er det. Tomta er tilbaketrekt og kan gje ro, og ein kan sjå både fjorden og Fosse. Storleiken på tomta er òg ein fordel, og har rom for alt ein vil ynskja seg av parkeringsplassar. Det vert òg lagt vekt på at tomta er ferdig regulert, ein unngår nabokonfliktar og

³⁸ Ligg på heimesidene til Fosse-stiftinga: <https://www.fossedagene.com/nytt/>

prosessen vidare kan gå raskt og problemfritt. Ikkje minst kan ei realisering medføra at ein ikkje gjer inngrep i nærområdet til Myra, slik at kulturmiljøet i Fossvågen kan få stå uendra.

Innvendingar mot skuletomta si beliggenheit kan ta utgangspunkt i sjølve føremåla med eit Jon Fosse-senter, slik det er skildra i rapporten. Ein legg vekt på naturen og landskapet som nokre av dei sterkaste elementa ein vil by fram, og ikkje minst fjorden. Ein kan tenkja: Burde ikkje eit Jon Fosse-senter vera tettast mogleg knytt til sjøen, med panorama ut over fjordspegelen? I eit nasjonalt prosjekt for ein verdsforfattar, der ein skal byggja eit senter som skal virka i hundreår framover, kan det verka feilaktig å leggja vekt på at ein har ei ferdig regulert tomt som ein raskt kan gå vidare med. I utgangspunktet bør ein gå for det beste ein kan finna i Strandebarm.

Så kan det likevel hevdast at skuletomta ut frå summen av kriterium faktisk er den beste tomte – og forprosjektrapporten seier ikkje at dette er feil. Men rapporten konkluderer at det krevst grundigare utgreiingar og meir kunnskap før ein kan ta eit trygt val.

Under vert det peika kortfatta på ulike alternativ, der det til no ikkje finst utgreiing av andre alternativ enn skuletomta. Men heller ikkje skuletomtal alternativet er til no utgreidd på eit tilstrekkeleg nivå. Ved alle alternativa må ein leggja til grunn at dei er eit tillegg til det ein alt har av arenaer i Fossvågen.

Alternativa:

1. Jon Fosse Tunet på Tangerås


Ein PowerPoint-presentasjon frå byggenemnda er det dokumentet som gjev mest informasjon om konseptet:

Barneskulen (bygd i 1980, lagd ned i 2009) har eit areal på 1400 m². Her er det skissert eit innhald med resepsjon med visningsrom for sponsorar, kafé, teatersal med garderobar, stillerom til refleksjon og ettertanke.

Ungdomsskulen (bygd i 1963, lagd ned i 2009) har eit areal på 1700 m². Her er det skissert eit innhald med visningsrom med teaterstykke av Jon Fosse på ulike språk, naust med innhald frå den tida Jon Fosse vaks opp, kontorlandskap, auditorium, bibliotek, rom til strandebarmaren, gjesteleiligheiter, vaktmeisterbustad.

Presentasjonen peikar òg på innhald i tunet utandørs: Amfi for utandørs program, aktivitetspark, turstiar, parkering.

Det er sett opp eit førebels budsjett for istandsetting av dei to skulebygga, som no har stått for det meste ubrukte i mange år. Totalsum er 158 512 000 kr. eks. mva. Dette inkluderer etablering av amfi utandørs, stiar og parkering. Byggenemnda har munnleg orientert om at eigaren av bygga og skuletomta, Trond Mohn, ynskjer å bidra økonomisk om ein vel å leggja senteret på denne eigedomen. Det er òg munnlege meldingar om at ein vil kunna overta tomte med bygningar kostnadsfritt. Den største mangelen i prosjektet er at det ikkje føreligg budsjett eller økonomiske vurderingar av drifta av Jon Fosse Tunet.



Kart som syner plassering av skuletomta, Fosse-huset og Myra. Kjelde: Kartverket

2. Nybygg i Fossvågen-området

Samanlikna med det romslege skuleområdet på Tangerås, vil det vera meir krevjande å finna ny tomt til eit bygg i nærområdet til Myra og Fosse-huset – men truleg ikkje umogleg. I utgangspunktet treng ein ikkje her å gå for plassering heilt inne i bygningsmiljøet i Fossvågen, men slå ein romsleg ring rundt dei sentrale bygga her som det området ein vil vurdera. Med eit nybygg vil ein kunna planlegga både dimensjon og funksjon ut frå det ein treng, og saman med plassering i landskapet kan ein få opp eit bygg som er ein attraksjon i seg sjølv. Ikkje minst vil ein kunna få eit bygg som har lågast moglege driftskostnader, både når det gjeld FDV og personalkostnader. Ein vil òg heilt frå starten kunna forma eit bygg og ei drift som innfrir dei viktigaste krava i tilskotsordninga Nasjonale kulturbygg.

3. Gjenbruk av annan bygning

Under forprosjektperioden er det gjennom lesarinnlegg og andre innspel kome framlegg til ulike bygg i Strandebarm som kunne eigna seg til bruk for eit Jon Fosse-senter. Fosse-stiftinga har opplyst at dei alt har undersøkt desse moglegheitene, og mange fleire, og funne dei uaktuelle.

I prosjektperioden bør ein likevel ta ein ny runde på dette, og med utgangspunkt i at ein har god tid. Om ikkje eit bygg er aktuelt for ny bruk no, kan det henda at det er det om ei tid. Då kan det vera grunnlag for at Jon Fosse-senteret kan gå i dialog om ei overtaking.

Plassering vil vera eit viktig kriterium: at det ligg i eller i nærleiken av Fossvågen, at det er tett knytt til fjorden og med god utsikt utover denne, og at det er lett tilgjengeleg.

4. Utvida bruk av landskapet og fjorden

Med utgangspunkt i at landskapet i Strandebarm er heilt sentralt i det ein vil formidla og bruka, kan ein argumentera for at det er framtidsretta å ikkje prioritera fysiske bygg så høgt, og leggja meir vekt på landskapet og eksisterande lokale kulturbygg som arena for Jon Fosse-senteret. I dag legg me fort vekt på utstillingsrommet, teatersalen, parkeringsplassane. Kanskje behova er annleis om nokre tiår, og at ein vil verta applaudert for at ein ikkje i stor grad plasserte Jon Fosse-formidlinga innafor fysiske vegger.

Fleire har nemnt Myra – Fosse-huset – litteraturbåten Epos som eit framifrå konsept, og at ein kanskje ikkje treng så mykje meir av fysiske anlegg enn det. Dette bør også utgreiast.

-

Noko me kan sei med sikkerheit om vegen framover, er at denne vil krevja hardt og tolmodig arbeid. Ein skal byggja vidare på alt det gode Fosse-stiftinga har gjort til no, og framleis er det Fosse-stiftinga som er motoren i det som skal skje. Då trengst det støtte gjennom alt frå lokale dugnadshender til sponsorgåver og sterk og føreseieleg økonomisk prioritering hjå kommune, fylkeskommune og stat – og ein treng å gå inn i gode, faglege fellesskap med alle dei som ynskjer å vera med på å løfta Jon Fosse-senteret fram.

Rapporten er utarbeidd av